

Iselin Egge

”Eg fann meg sjølv i eit anna liv”

Eit kvalitativt studium av høgt utdanna flyktingar si oppleving av å vere i ein jobb som ikkje er i samsvar med sin formelle kompetanse og erfaring

Masteroppgåve i pedagogikk
med spesialisering i rådgjeving
Trondheim, våren 2010

Veilleiar
Eleanor Allgood

Bilete på framsida
Anja Egge, ”Stairway to...?”, 2009

Pedagogisk institutt
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse
NTNU, Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet
Trondheim

SAMANDRAG

Dette studiet undersøker korleis høgt utdanna flyktingar opplever det å vere i ein jobb som ikkje er i samsvar med sin formelle kompetanse og erfaring. Undersøkinga baserar seg på ein kvalitativ metode, og det empiriske forskingsmaterialet er henta inn gjennom intervju av tre flyktingar.

Datamaterialet vart analysert gjennom den konstant komparative analysemetoden, og kategoriane ”Ein meiningsfull jobb i heimlandet”, ”Å kome til Noreg – ein stor overgang” og ”Frå ønske og håp til tilpassing” oppstod. Diskusjonen av resultatane følgjer først desse kategoriane, der dei blir sett i samanheng med relevant teori. Heile datamaterialet blir deretter diskutert i lys av teorien om personar-i-relasjon (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999).

ABSTRACT

This study explores how highly educated refugees experience being in a job that is not in accordance with their formal qualifications and practice. The research is based on qualitative methodology, and the empirical research material is gathered through interviews with three refugees.

The data was analyzed through a constant comparative analysis, and the categories “A meaningful job in the home country”, “To come to Norway – a big transition” and “From wishes and hope to adaption” emerged. The discussion of the results follows the presentation of these categories, where they are seen in the context of relevant theories. The whole data material is then discussed in the light of the persons-in-relation-theory (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999).

FORORD

”Når jeg flyttet fra mitt land og kom til Norge, så fant jeg meg i et annet liv, et helt nytt system.”

”Munir”

Sitatet ovanfor kjem frå ein av forskingsdeltakarane, og allereie då han uttalte det i intervjuet greip dei meg. Avhandlinga sin tittel ”Eg fann meg sjølv i eit anna liv” spelar nettopp på desse orda, og eg meiner dei fangar inn essensen i det å måtte flytte til eit ukjent land: Ikkje berre må ein forlate det gamle, kjente og trygge, men ein kjem til ein plass der det meste er framandt og må lærast på nytt. Eg ønskjer med dette å rette ein stor takk til forskingsdeltakarane mine: Tusen takk for at de delte så mykje av dykk sjølve, utan dykk hadde eg ikkje hatt ei oppgåve. De har lært meg at til tross for alt som skjer i livet, så finns der draumar og håp.

Å skrive denne masteroppgåva har vore ein spennande, frustrerande, utfordrande og ikkje minst lærerik prosess. Eg er stolt over arbeidet eg har utført, og i denne prosessen har eg vore så heldig å ha mange gode støttespelarar som fortener ein takk. Først og fremst vil eg rette ein stor takk til min veilleiar, Eleanor Allgood, for oppmuntring, støtte og for at du alltid tek deg tid. Vidare ønskjer eg å takke Hannah Owens Svennungsen for gode tips og tilbakemeldingar. Takk til vennar og medstudentar som har gjort studietida til ei tid eg kjem til å sjå tilbake på med glede. Spesielt vil eg takke Stine og Hege for gode lunsjpausar, korrekturlesing og konstruktive tilbakemeldingar på oppgåva. Vidare vil eg takke mamma og pappa, Silje og Anja for at de alltid er her for meg. Ein spesiell takk til Anja for illustrasjonen på oppgåva si framside. Til slutt vil eg takke min kjære, Alexander, for ei fantastisk støtte gjennom heile studieløpet og for at du alltid har trua på meg.

Iselin Egge

Trondheim, mai 2010

Innholdsliste

SAMANDRAG	i
ABSTRACT	iii
FORORD.....	v
1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema	1
1.2 Formål med oppgåva og forskingsspørsmål.....	2
1.3 Omgrepsavklaring	2
1.4 Oppgåva si oppbygging.....	2
2. Teoretiske perspektiv	4
2.1 Eit meningsfullt arbeid – å finne sitt kall	4
2.2 Overgangar	6
2.2.1 Liminalitet	6
2.2.2 Slutt og byrjing.....	7
2.3 Personar i relasjon	9
3. Metode.....	11
3.1 Kvalitativ metode og fenomenologisk tilnærming.....	11
3.2 Datainnsamling.....	12
3.2.1 Det kvalitative forskingsintervju	12
3.2.2. Gjennomføring	13
3.3 Val av forskingsdeltakarar.....	14
3.4 Analyseprosessen	15
3.4.1 Transkribering	15
3.4.2 Val av analysemetode.....	16
3.5 Forskarrolla	17
3.6 Etiske refleksjonar.....	18
3.7 Studiet sin kvalitet.....	20
4. Presentasjon av resultat	22
4.1 Innleiing	22
4.1.1 Presentasjon av forskingsdeltakarane.....	22
4.2 Ein meningsfull jobb i heimlandet	23
4.3 Å kome til Noreg – ein stor overgang	25
4.4 Frå ønskje og håp til tilpassing.....	28

4.4.1	Jobb for å overleve	31
5.	Diskusjon.....	33
5.1	Ein meningsfull jobb i heimlandet	33
5.2	Å kome til Noreg – ein stor overgang	35
5.3	Frå ønskje og håp til tilpassing.....	37
Å vere person er å vere i relasjon med andre		39
6.	Avsluttande refleksjonar	44
6.1	Implikasjonar for vidare forskning.....	44
	Litteraturliste	46
	Vedlegg	48
Vedlegg 1:	Intervjuguide.....	48
Vedlegg 2:	Informasjonsskriv angående datainnsamling.....	52
Vedlegg 3:	Informasjonsbrev til forskingsdeltakarane	53
Vedlegg 4:	Samtykkeerklæring.....	55
Vedlegg 5:	Godkjenning frå NSD.....	56

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

”Flyktningene har en **fortid** og en **framtid**. Bagasjen fra fortida inneholder både kompetanse og erfaringer, men mange flyktninger opplever at denne bagasjen plutselig er blitt verdiløs her i Norge. Utdanningen deres blir ikke verdsatt, arbeidserfaringen er det ingen som kan vurdere, og deres kulturelle kompetanse er knyttet til det samfunnet de forlot. Møtet med Norge betyr et brutalt brudd med fortida. De må starte på nytt. I stedet for å bygge framtida på erfaringene fra fortida, må de starte fra grunnen av.”

(Berg, 1992, s. 100)

Sitatet ovanfor kastar lys over den verkelegheita mange flyktningar opplever i møte med eit nytt land. På den eine sida har dei med seg kompetanse og erfaring frå heimlandet, medan dei på den andre sida opplever problem med å få godkjent og nytte dette i Noreg. Flyktningane si fortid og usikkerheit knytt til framtida skapar altså problem i forhold til arbeidslivet, og Berg (1992) konkluderar med at flyktningane hamnar bakerst i køen på den norske arbeidsmarknaden.

Arbeid utgjer ein viktig del av livet for dei fleste, det er med på å bestemme din status og det verkar inn på heile ditt sosiale liv. Mangel på yrkesmessig tilknytning, eller yrkesmessig degradering, vil kunne opplevast som eit tap – både økonomisk, statusmessig og sosialt (Berg, 1992). Eg er no i ferd med å avslutte mitt 5. år på universitetet, og utdanninga mi har blitt ein viktig del av meg og min identitet – den er noko eg tillegg stor verdi. Dette er altså viktig for meg, og eg antar at ein framtidig jobb vil opplevast som like viktig. Gjennom media har eg lest utallige historier om høgt utdanna flyktningar som ikkje får jobb som står i forhold til sitt kompetansenivå, og dette er noko eg har reflektert mykje rundt: Korleis opplevast dette? Korleis påverkar dette livet deira? Og dersom jobben var viktig for dei, kva opplever dei som meiningsfullt etter å ha mista ein så viktig del av livet sitt?

Eg har ingen erfaring med arbeid med flyktningar eller andre minoritetar, men heile livet har eg vore veldig nysgjerrig på menneske som har eit heilt anna utgangspunkt og erfaringar enn meg. På første året av mastergraden hadde vi ei førelæring som eg opplevde som veldig inspirerende der førelæseren fortalde om ei episode der ho hadde tatt taxi, og etter å ha kome i prat med taxisjåføren viste det seg at han var høgt utdanna. Det ho gjenfortalte av samtalen og

refleksjonane hennar rundt episoden treffe meg, og denne timen tente ideen om å skrive om høgt utdanna flyktningar som er overkvalifiserte for sin jobb.

1.2 Formål med oppgåva og forskingsspørsmål

Utgangspunktet for denne oppgåva er høgt utdanna flyktningar som er i ein jobb dei er overkvalifisert for, og formålet er å avdekke deira opplevingar. I tillegg til den sårbare bakgrunnen som flyktning har dei opplevd å ikkje få ein jobb som står i samsvar med sin kompetanse og erfaring. Korleis beskriver dei sin situasjon? Eg ser på det å få fram deira perspektiv som viktig for å starte ein refleksjonsprosess hos personar som jobbar med flyktningar og andre minoritetsgrupper. På bakgrunn av dette er forskingsspørsmålet mitt:

Korleis opplever høgt utdanna flyktningar det å vere i ein jobb, i eit nytt land, som ikkje er i samsvar med sin formelle kompetanse og erfaring?

1.3 Omgrepsavklaring

Forskingsdeltakarane i dette studiet har alle bakgrunn som flyktningar. FN sin Flyktningkonvensjon av 1951 (artikkel 1A) definerar ein flyktning som ein person som:

"med rette frykter forfølgelse på grunn av rase, religion, nasjonalitet, medlemskap i en spesiell sosial gruppe eller på grunn av politisk oppfatning, befinner seg utenfor det land han er borger av, og er ute av stand til, eller, på grunn av slik frykt, er uvillig til å påberope seg dette lands beskyttelse."

Flyktningar representerar ei samansett gruppe, dei er forskjellige med omsyn til mellom anna yrke, utdanning, sosial status, religion, språk og kulturell bakgrunn. Det dei har til felles er at dei har søkt tilflukt utanfor heimlandet sine grenser som eit resultat av at dei har frykta for liv og helse (Berg & Lauritsen, 2009). Det er på dette punktet flyktningane som gruppe skil seg frå andre innvandrargrupper – deira motivasjon for å flytte frå sitt land har i første rekke vore knytt til å *måtte* reise frå, ikkje eit ønskje om å kome til eit nytt land (Berg, 1992).

1.4 Oppgåva si oppbygging

Eg har delt oppgåva inn i seks kapittel, der det første kapitlet er ein introduksjon av tema, formål og forskingsspørsmål for oppgåva. I kapittel to presenterar eg det teoretiske grunnlaget for oppgåva, før eg i kapittel tre gjer greie for dei metodiske vala eg har gjort både før under

og etter datainnsamlinga. Det fjerde kapitlet består av ein presentasjon av resultata frå undersøkinga, og i kapittel fem diskuterar eg desse i lys av dei teoretiske perspektiva eg har valt. I det siste kapitlet vil eg kome med avsluttande refleksjonar, samt implikasjonar for vidare forskning.

2. Teoretiske perspektiv

I dette kapitlet vil eg gjere greie for det teoretiske grunnlaget for oppgåva, og dei teoretiske perspektiva eg presenterer her har eg valt ut på grunnlag av resultatata frå forskingsintervjua. Dei utvalde teoretiske tilnærmingane meiner eg belyser ulike aspekt ved forskingsdeltakarane sine opplevingar av sin situasjon, og eg vil bruke desse perspektiva vidare i diskusjonen av resultatata frå undersøkinga.

2.1 Eit meningsfullt arbeid – å finne sitt kall

”What man actually needs is not a tensionless state, but rather the striving and struggling for a worthwhile goal, a freely chosen task. What he needs is not the discharge of tension at any cost but the call of a potential meaning waiting to be fulfilled by him”.

(Frankl, 1984, s. 127)

Viktor Frankl (1984) utvikla sin teori om logoterapi på bakgrunn av sine erfaringar frå konsentrasjonsleirar under andre verdskrig, der han sjølv søkte etter meininga med livet. Frankl meiner at søken etter meining er den primære motivasjonskrafta i eit menneske sitt liv, og at mennesket er i stand til å leve og til og med dø for sine ideal og verdier. Han refererar fleire gongar til Nietzsche som seier at: ”He who has a *why* to live for can bear almost any *how*” (Frankl, 1984, s. 126). Mennesket har altså eit sterkt behov for å finne meining i sitt liv, og arbeid er ei kjelde til oppleving av meining (Frankl, 1984). Medan nokon ser på si karriere som berre ein jobb, ser andre på karriere som noko djupare og meningsfullt, som eit kall. Perspektivet på karriere som eit kall begynte å bli diskutert på rådgjevingsfeltet på 1980-talet, der omgrep som meining, formål og spiritualitet blei brukt. Karriere som kall blir definert som ein prosess som har det som si sentrale oppgåve å finne meining i våre liv (Hansen, 1997).

Frankl (1984) hevdar at eit kvart menneske har eit kall eller misjon i livet, men kva som er meininga med livet varierer frå person til person og det kan variere frå dag til dag. Meining er noko som må oppdagast, personen sjølv må finne det – meining kan ikkje bli gitt til oss av andre. For å finne svar på kva som er vårt kall, meiner Leider (1997) at vi må søke etter formålet¹ med vårt liv. Denne søkinga er ein kontinuerleg aktivitet, det er spørsmål vi stiller om og om igjen og ein prosess vi lever i kvar dag. I denne prosessen lyttar vi etter og formar våre livshistorier. Vidare meiner Leider at vårt livsformål er den djupaste dimensjonen i oss – det utgjer vår essens, eller den vi er som person. Personar som er i kontakt med sitt formål har

¹ Engelsk; *purpose*

ein følelse av kven dei er, kvar dei kjem frå og kvar dei er på veg. I følgje denne teorien får folk som har eit formål med sitt liv og arbeid uttrykt sin essens gjennom sitt kall.

Leider (1997) hevdar at dersom vårt livsformål er viktig nok til å gi retning og mening til våre liv, så må det også vere i tråd med vårt hjerte. Vi kan ikkje tvinge oss sjølv til å bli lidenskapleg opptatt av noko eller nokon, vårt formål og vårt kall kjem innanfrå. Palmer (2000) er einig i dette – å følgje sitt kall er å lytte til ein indre stemme for å finne ut kven ein er. Han seier at:

”Before you tell your life what you intend to do with it, listen for what it intends to do with you. Before you tell your life what truths and values you have decided to live up to, let your life tell you what truths you embody, what values you represent” (Palmer, 2000, s. 3).

Å følgje sitt kall handlar dermed om å følgje sitt hjerte, og i forhold til arbeid handlar det om å leve etter spørsmålet ”Am I making a living doing the work I love to do?” (Leider, 1997, s. 39). Det å velje eit yrke for livstid berre på grunnlag av lønn kan faktisk vere djupt destruktivt for sjela (Hollis, 2003). Gjennom å følgje eit djupare kall vil ein komme fram til ei meir ekte takknemlegheit for sine styrkar så vel som sine avgrensingar, og å følgje kallet sitt handlar ofte om å skifte fokus for å få ut det beste av sitt talent og potensial (Leider, 1997).

Det å vere menneske peikar alltid mot noko eller nokon utanfor oss sjølv (Frankl, 1984), og når ein er i kontakt med sitt kall vil ein vere med å tene eit større prosjekt enn berre det som går på ego- eller kollektive normer (Hollis, 2001). Å engasjere seg i noko som er større enn sin eigen suksess gjev livet mening, og å følgje sitt kall er dermed ein måte å bidra aktivt i verda på (Leider, 1997).

For å følgje sitt kall seier Leider (1997) at det er viktig å forstå at formål er ein innvendig prosess som organiserar våre liv, tilbyr mening, følgjer vårt hjerte og klargjer vårt kall. Livsformål er den kvaliteten menneske ønskjer å sentrere sitt arbeid og sitt liv rundt, det gjev oss ein grunn til å stå opp morgonen og det gjev vårt arbeid eit større fokus og energi. For å oppfylle vårt formål som menneske seier Leider at vi må bli klar over vår essens og leve den ut.

2.2 Overgangar

“For groups, as well as for individuals, life itself means to separate and to be united, to change form and condition, to die and to be reborn. It is to act and to cease, to wait and rest, and then to begin acting again, but in a different way.”

(van Gennep, 1960, s. 189)

2.2.1 Liminalitet

Uansett kva slags samfunn ein snakkar om, vil eit kvart individ i løpet av livet gå gjennom ei rekke overgangar; frå ufødd til fødd, frå barn til vaksen, frå ugift til gift og frå levande til død. I den klassiske teksten *Les Rites de Passage* frå 1908 set van Gennep søkelyset på dei rituala som følgjer ulike overgangar i livet (Levine, 1992), det vere seg endringar i stad, tilstand, sosial posisjon eller alder (Turner, 1970/1996, s. 510). Van Gennep (1960) meiner at alle overgangsritual kan delast inn i tre fasar: Separasjons-, overgangs- og innlemmingsfasen, der det høyrer til spesielle ritual for kvar fase. Ulike passasjar vil imidlertid legge vekt på ulike ritual; til dømes vil separasjonsritual vere framtrekande i gravferder, innlemmingsritual i bryllaup, medan overgangsritual vil vere sentrale i innviingar. For å konkretisere sine tankar tek han for seg den ”territoriale passasjen”, og viser til at tidlegare var kvart land omringa av ei stripe med nøytral grunn. Når den reisande skulle forlate sitt eige territorium, måtte personen først gjennom ei slik nøytral sone før ho eller han kunne entre det nye området. Einkvar som passerar frå det eine til det andre vil derfor i eit visst tidsrom finne seg i ein spesiell situasjon der ho eller han svevar mellom to verder, og det er denne situasjonen van Gennep betecknar som *overgang*². Tilstanden av overgang er sentral for van Gennep, og Levine (1992) peikar på at den territoriale passasjen fungerer som eit bilde på den sosiale passasjen. I den territoriale passasjen må den reisande gjennom eit ingenmannsland, og på same måte inneber den sosiale passasjen ei reise inn i ein symbolsk region der ein ikkje lenger er medlem av den gamle gruppa og samtidig ikkje er blitt medlem av ei ny. I denne tilstanden av overgang er individet på ein måte ”død”, og for å gå inn i ein ny tilstand må personen bli ”født på ny”. Vidare viser van Gennep (1960) til ulike ritual knytt til det å gå over ein terskel³, og foreslår å beteckne separasjonsritual som ”pre-liminale”, overgangsritual som ”liminale” og innlemmingsritual som ”post-liminale”. Overgangsfasen er altså ein terskelfase, og dei som er her er dermed i ein tvitydig tilstand – dei kan ikkje identifisere seg med verken det eine eller det andre.

² Engelsk; *transition*

³ Latinsk; *limin*

Antropologen Viktor W. Turner (1970/1996) tek utgangspunkt i van Gennep sitt studium av overgangsritual, og er spesielt interessert i nettopp overgangsfasen, eller den liminale fasen som han kallar det. Turner meiner at det spesielle ved å vere i den liminale fasen er at ein er verken det eine eller det andre, på same tid som ein er begge deler. Han skriv at:

”(...) they are neither one thing nor another, or may even be both, neither here nor there, or may even be nowhere (...) and are at very least “betwixt and between” all the recognized fixed points in space-time of structural classification” (Turner 1970/1996, s. 512).

Den liminale tilstanden er karakterisert av ein aksept av smerte og lidning. Fasen har ein tvitydig natur, det er ein mellomtilstand, og dei som er i denne fasen står dermed utanfor den ordna verda. Å vere i det liminale er ein sårbar tilstand sidan ein manglar den tryggleiken og beskyttelsen ei definert rolle eller stilling gjev – den liminale personen er ”naken” og utan forsvarsverk. Sjølv om ein kan føle seg mindreverdige og naken, innehar personar som er i den liminale fasen eit potensial til å bli noko meir enn det dei har vore (Levine, 1992). Liminalitet har altså sine positive sider, det er her vekst- og transformasjonsprosessar skjer. I tillegg kan liminalitet også beskrivast som eit stadium for refleksjon; i løpet av den liminale fasen blir ein vekselvis tvinga og oppmuntra til å tenke på samfunnet ein er ein del av, og dessutan på kreftene som utviklar og opprettheld dette samfunnet (Turner, 1970/1996).

2.2.2 Slutt og byrjing

William Bridges (1980) tek også føre seg ulike overgangar i livet, men der van Gennep og Turner har eit antropologisk perspektiv tek Bridges eit psykologisk utgangspunkt. Han undersøker dei underliggende mønstera i personlege overgangar, og ser på overgang som den naturlege prosessen med forvirring og nyorientering som markerar vendepunktet ”of the path of growth”. Bridges viser til van Gennep og hans tre fasar i overgangsritual, men vel å kalle desse for ”Endings”, ”The Neutral Zone” og ”The New Beginning”, og ser på dei som aspekt ved personleg endring.

Ein kvar overgang byrjar med ein slutt – vi er nøyde til å gje slepp på det gamle før vi kan plukke opp det nye. Sluttar kan samanliknast med erfaringar av død, og Bridges (1980) meiner at av og til utfordrar dei vår følelse av kven vi er på ein slik måte at vi kan tru det er slutten på oss. Vår måte å vere på er utvikla innafor og tilpassa for å passe inn i eit gitt

livsmønster, og i tillegg definerar vi oss som personar delvis ut frå dei rollene og forholda vi har. Når ein person bryt med dei gamle tilknytningane til verda, mistar dermed denne personen måtar å definere seg sjølv på. Personen er altså separert frå sin gamle identitet og den gamle situasjonen, og det er vanleg å ha ei oppfatning av at den verkelegheita ein no er i ikkje er ekte. Kjensler av tap, forvirring og å vere fortapt, i tillegg til ei ”veit-ikkje-kvar-eg-er”-kjensle, er også vanlege i denne slutt-fasen (Bridges, 1980).

Den nøytrale sona er den andre fasen i overgangen, dette er tida mellom det gamle livet og det nye. For veldig mange blir den nøytrale sona karakterisert av ei kjensle av tomheit, der den gamle verkelegheita verkar gjennomsiktig og der ingenting kjennes solid lenger. Denne tomheita er eit naturleg resultat av endingsprosessen, og det er her grunnen blir lagt for framveksten av nytt liv. Det å vere mellom to livsfasar aukar tendensen til å sjå og forstå verda på ein annan måte, ein får ein synsvinkel på livet som ein ikkje kan få andre stader, og mange opplever her ei uventa form for bevisstheit. Den nøytrale sona kjem ikkje alltid mellom slutten og den nye byrjinga – den kan komme før ein synleg slutt, eller den kan komme etter ei antatt byrjing. Uansett er den nøytrale sona ei tid for nye innsikter og nyorientering (Bridges, 1980).

Den nøytrale sona er meint å vere ein midlertidig tilstand, når vi er ferdig med den kan vi gå vidare. Bridges (1980) meiner at genuine byrjingar ikkje er avhengig av ytre endringar, men av at vi lyttar til vårt indre for å finne ut om vi er klare for å byrje på nytt. Nye byrjingar er tilgjengelege for alle, men alle opplever også problem knytt til det. Uansett kor mykje vi har lyst til å starte på nytt er det ein del av oss som gjer motstand. Det å forlate det etablerte og trygge fører ofte til engsting, og for å få ein vellykka ny start er det derfor viktig at ein er oppmerksam på dette. Å starte på nytt betyr å forlate kjenslene av forvirring og tomheit, og å setje den nye innsikta og dei ideane ein har fått ut i handling. Eit psykologisk aspekt ved den nye byrjinga er at den nye identiteten blir integrert med element av den gamle, og som person kjem ein tilbake til seg sjølv.

2.3 Personar i relasjon

“(…) the unit of personal existence is not the individual, but two persons in personal relation; and that we are persons not by individual right, but in virtue of our relation to one another. The personal is constituted by personal relatedness. The unit of the personal is not the 'I', but the 'You and I' “.

(Macmurray, 1961/1999, s. 61)

Teorien om personar i relasjon er utvikla av filosofen John Macmurray (1961/1999), og sitatet ovanfor fangar inn essensen i han sine idear: Vår eksistens i verda er heilt avhengig av andre – det er gjennom våre relasjonar til andre at vi forstår vår eksistens, og det er gjennom vårt forhold til andre at vi får kunnskap om oss sjølv. Vi eksisterar altså ikkje isolert frå omverda, og Macmurray hevda at det finns ikkje noko ”eg” utan at der også er eit ”du” – det er berre når individet står i relasjon til andre individ at ho eller han blir ein person. ”Du” er ikkje meint som ein spesifikk person, men det kan vere eit individ, familien eller samfunnet.

Å vere ein person betyr altså å vere i relasjon med andre menneske, og relasjonsomgrepet kan delast inn i tre paradigme: Avhengigheit, uavhengigheit og gjensidig avhengigheit (Kvalsund, 1998; Macmurray 1961/1999). Innanfor *avhengigheitsparadigmet* er ” eget ” avhengig av ” den andre ”. Det andre seier og meinar er av betydning, og personen rettar seg etter dette og gjer det ein trur blir forventa av ein. Dei vala og handlingane som ” eget ” føretekk seg ligg altså utanfor eigen kontroll, og på denne måten blir ” eget ” styrt av ” den andre ” (Kvalsund, 1998).

Medan ” den andre ” står i sentrum i ein avhengig relasjon, trer ” eget ” i framgrunnen i *uavhengigheitsparadigmet*. I motsetning til ein person som er i ein avhengig relasjon, kjenner individet her sin posisjon i relasjonen. Ein person som er i ein uavhengig relasjon baserar sine val og handlingar på si indre referanseramme, og handlar ut frå sine egne ønskjer og behov. ” Eget ” er altså styrande og kontrollerar og skapar si eiga verkelegheit (Kvalsund, 1998). Uavhengigheit er i følgje Kvalsund (1998) og Macmurray (1961/1999) eit nødvendig utviklingsnivå. Det er gjennom prosessen mot å bli uavhengig at individet lærer om sine egne behov. Individet lærer også korleis ho eller han kan tilfredsstille desse, og korleis ein kan skilje egne behov frå andre sine behov.

Både avhengigheit og uavhengigheit er altså nødvendige utviklingsnivå, men dei er ikkje det endelege. Personar er i relasjon med kvarandre, og det er gjennom andre at ein lærer seg sjølv

å kjenne. Innanfor *gjensidig avhengigheitsparadigmet* erkjenner individet at ho eller han er avhengig av andre for å kunne tilfredsstillе sine behov og realisere sitt potensial (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999). Partane i ein gjensidig avhengig relasjon er aktive og handlande. Alle partar både gir og får, og relasjonen er dermed prega av symmetri og jambyrdigheit (Kvalsund & Meyer, 2005). I følgje Macmurray (1961/1999, s. xii) er gjensidig avhengigheit ”the fullest possible form of relationship between persons fulfilling each and every participant to the greatest possible degree”.

Dei tre relasjonsparadigma står for måtar å forholde seg til ”den andre” på, og teorien om personar i relasjon trer fram som ein utviklingsteori med eit holistisk og dynamisk syn på mennesket. Som menneske kan ein ikkje bli uavhengig før ein har opplevd avhengigheit, og ein kan ikkje bli gjensidig avhengig før ein har opplevd både avhengigheit og uavhengigheit. Sjølv om ein har opplevd uavhengigheit og har byrja å erfare gjensidig avhengigheit, vil ein igjen kunne oppleve avhengigheit – dei tre nivåa står i eit dynamisk forhold til kvarandre (Kvalsund, 1998; Macmurray 1961/1999).

3. Metode

Den opphavlege betydninga av ordet *metode* er ”veien til målet” (Kvale, 2001, s.114). For meg som forskar betyr dette at før eg veit kva slags veg eg skal gå, må eg ha eit mål for kvar eg vil med arbeidet mitt. Forskingsspørsmål og metodisk tilnærming er altså nært samanknytt, og val av metode blir gjort ut frå ei vurdering av kva slags metodikk som best eignar seg til å skaffe den informasjonen eg som forskar er interessert i å innhente. Forsking inneber å ta ei rekke val frå byrjing til slutt, og i dette kapitlet vil eg beskrive min veg mot målet og dei metodiske vala eg har stått ovanfor både på førehand og undervegs.

3.1 Kvalitativ metode og fenomenologisk tilnærming

Mitt val av problemstilling sprang ut frå ei interesse for og nysgjerrigheit rundt høgt utdanna flyktingar som er overkvalifiserte for sin jobb, og målet mitt med denne oppgåva er å få innsikt i deira erfaringar og korleis dei opplever sin eigen situasjon. Det er altså flyktingane sin livsverden eg ønskjer å belyse, og ut frå dette såg eg det som naturleg å velje ein kvalitativ forskingsmetode der det i følgje Creswell (2007) nettopp er deltakarane sitt perspektiv som blir løfta fram. Målet til ein kvalitativ forskar er å få innsikt i sosiale fenomen slik dei blir erfart av personane ein studerar.

Sidan fokuset mitt er på flyktingane si oppleving av sin situasjon har eg valt å bruke ei fenomenologisk tilnærming i denne avhandlinga. Fenomenologien ser på forskingsdeltakarane sine erfaringar, subjektive tenking og refleksjonar rundt eit fenomen som primærdata for vitenskapleg forskning. Husserl sitt omgrep *intensjonalitet* er sentralt for å forstå korleis menneske skapar meining i det dei opplever, og ideen her er at bevisstheita vår alltid er retta mot noko. Eit menneske si erfaring av eit objekt vil alltid vere ein kombinasjon av observasjon av det faktiske objektet på den eine sida, og personen sine kjensler, minner, tankar og oppfatningar om objektet på den andre sida (Moustakas, 1994). ”The subjective experience incorporates the objective thing and becomes a person’s reality (...)” (Patton, 2002, s. 106). Eit objekt si verkelegheit er altså nært samanknytt med mennesket si bevisstheit om det. Ut frå eit fenomenologisk perspektiv er det sentrale å få tak i menneske sine *opplevingar* knytt til erfaringa av eit fenomen, og å gje ei så heilskapleg og nøyaktig beskriving av dette som muleg (Moustakas, 1994). Menneske er ulike, og korleis opplevinga av eit fenomen artar seg vil vere påverka av personen som er i situasjonen og hans eller hennar erfaringsbakgrunn og verdiar (Postholm, 2005). Sjølv om opplevinga av eit fenomen

er subjektiv og nært knytt til personen sin erfaringsbakgrunn, er det grunn til å anta at det finns visse fellestrekk i opplevingane til dei som har erfart dette fenomenet. Ein forskar som har ei fenomenologisk tilnærming søker å forstå det unike med eit fenomen, og ho fokuserar derfor på det som er felles hos fleire individ. Målet er å få tak i ein felles, underliggande essens av deltakarane si oppleving av fenomenet (Creswell, 2007).

3.2 Datainnsamling

Sidan mitt mål med denne undersøkinga er å få tak i deltakarane si subjektive erfaring og refleksjonar rundt sin situasjon, såg eg på det kvalitative forskingsintervjuet som den best eigna metoden for datainnsamling.

3.2.1 Det kvalitative forskingsintervju

”Hvis du vil vite hvordan folk betrakter verden og livet sitt, hvorfor ikke tale med dem?”

(Kvale, 2001, s.17)

Eit kvalitativt forskingsintervju er ein samtale mellom to personar om eit tema som er av felles interesse, og gjennom denne dialogen blir kunnskap produsert. Sitatet ovanfor illustrerar formålet med det kvalitative forskingsintervjuet, nemleg det å forsøke å forstå verda frå forskingsdeltakarane si side. Gjennom intervju prøvar forskaren å hente inn opne og nyanserte beskrivingar av personen sin livsverden, og vidare prøvar ho å forstå og tolke meninga med det som blir sagt og måten det blir sagt på (Kvale, 2001).

Intervjua utgjer altså grunnlaget for den seinare analysen, og Kvale (2001) peikar i den forbindelse på viktigheita av å stille godt førebudd. Eg har ingen personlege erfaringar i forhold til høgt utdanna flyktingar som er overkvalifisert for sin jobb, så etter at eg i september 2009 bestemte meg for dette temaet har eg diskutert det både med min veilleiar og mange i min omgangskrets. Eg har også lest det eg har komme over av relevant forskingslitteratur. Sjølv om eg ikkje har funne noko som går direkte på mi problemstilling, har eg lest ei rekke forskingsartiklar som handlar om ulike grupper av innvandrarar og deira tilknytning til og posisjon i den norske arbeidsmarknaden. Dette meiner eg har gitt meg verdifulle innblikk på feltet. På bakgrunn av det eg har lest og diskusjonar med vennar og veilleiar, utarbeidde eg ein intervjuguide som skulle hjelpe meg som forskar å halde fokus i intervjusamtalane (Patton, 2002). Eg valde å lage ein relativt detaljert intervjuguide (sjå vedlegg 1) der eg først lagde ei liste med tema som eg ønskte å undersøke, og under desse

områda utarbeidde eg igjen spørsmålsformuleringar. På denne måten fekk forskingsdeltakarane tilnærma like spørsmål, og som rimelig uerfaren intervjuar gav dette meg tryggleik på at eg fekk belyst dei temaområda eg ønskte.

Kvale (2001) meiner at relevans i forhold til forskingstema utgjer den tematiske dimensjonen ved eit intervju spørsmål. Vidare seier han at spørsmålet også kan vurderast etter ein dynamisk dimensjon, som er knytt til det mellommenneskelege forholdet i intervjusituasjonen. Spørsmålet skal vere med å skape ein positiv interaksjon, og skal mellom anna bidra til å halde samtalen i gong og motivere deltakaren til å fortelje om sine erfaringar og kjensler. Dette prøvde eg å ta omsyn til ved å stille opne spørsmål, og ved å fokusere på kjensler og refleksjonar rundt opplevingar. Spørsmåla bør også vere klare og lette å forstå, og fri for akademisk sjargong (Kvale, 2001). Sidan forskingsdeltakarane i prosjektet mitt ikkje har norsk som morsmål, måtte eg fleire gongar vurdere og omformulere spørsmåla mine for å unngå eventuelle misforståingar.

Før eg gjennomførte intervjuet føretok eg eit prøveintervju med ein medstudent med flyktningbakgrunn. Her fekk eg testa om spørsmåla var formulert på ein klar og forståelig måte, i tillegg til at eg fekk testa meg sjølv som intervjuar. På grunnlag av tilbakemeldingane eg fekk omformulerte eg spørsmål som var vanskelege å forstå, i tillegg til at eg endra litt på rekkefølga av spørsmåla for å få ei meir dynamisk oppbygging av intervjuguiden. Erfaringa frå prøveintervjuet gjorde meg tryggare både på innhaldet i intervjuguiden og på at eg klarte å bevege meg mellom dei ulike temaområda, i tillegg til at eg vart meir komfortabel med intervjusituasjonen som venta meg. Eg tok opp prøveintervjuet på lydband slik at eg også fekk sjekka at det tekniske utstyret fungerte som det skulle. På denne måten vart eg også tryggare på det tekniske, noko som igjen førte til at eg kunne vere meir avslappa under intervjuet.

3.2.2. Gjennomføring

Intervjuet gjennomførte eg i veke 6, 8 og 10. Under intervjuet valde eg å nytte meg av lydopptak, dette fordi eg hadde eit ønske om å kunne fokusere fullt ut på det som blei sagt og vere til stades i samtalen. For å kunne halde fokuset på deltakaren valde eg også å ikkje notere undervegs, men heller skrive ned mine tankar og refleksjonar umiddelbart etter at samtalane var ferdige (Postholm, 2005). Før intervjuet starta presenterte eg meg sjølv og formålet med undersøkinga. Eg gjentok også at informasjonen som kjem fram blir behandla konfidensielt, at dei blir anonymisert i den endelige rapporten og at dei kunne velje å la vere å svare på

spørsmål som dei føler seg ukomfortable med. Formålet med bruk av lydopptak vart også forklart. Det er viktig at forskaren utformar eit trygt rammeverk rundt intervjuet, og ei slik ”briefing” er med på å sette konteksten. Starten er avgjerande for resten av intervjuet, og ved å definere situasjonen skapast tryggleik slik at både forskar og forskingsdeltakar kan vere meir avslappa i situasjonen (Kvale, 2001). Sjølv om eg hadde ein relativt detaljert intervjuguide, følgde eg ikkje denne slavisk under intervjuet. Postholm (2005) peikar på at det sentrale er at dei tema ein ønskjer å belyse blir tatt opp, rekkefølga spelar inga rolle. Under intervjuet kan deltakaren også bringe på bane nye og interessante aspekt som forskaren ønskjer å forfølge. Før intervjuet førebudde eg meg derfor godt på det som stod i intervjuguiden, slik at eg var trygg på kva eg ville innom. Eg opplevde at enkelte spørsmål opna deltakarane på ein slik måte at dei kom med lange svar der dei svarte på fleire spørsmål under eitt. I tillegg dukka det også opp interessante tema undervegs, og desse forfølgde eg vidare ved å be dei utdjupe og ved å komme med oppfølgingsspørsmål. Etter at intervjuet er ferdig meiner Kvale (2001) at det er viktig å følgje opp den innleiande ”briefinga” med ei ”debriefing”. Mot slutten av samtalan spurde eg deltakarane om det var noko dei ønskte å enten utdjupe eller tilføye, og etter at intervjuet var ferdige snakka vi litt om deira oppleving av samtalen.

3.3 Val av forskingsdeltakarar

Etter at eg hadde valt problemstilling for oppgåva byrja arbeidet med å få tak i forskingsdeltakarar. Via telefon tok eg kontakt med ulike organisasjonar som jobbar med flyktningar, og her presenterte eg meg sjølv og prosjektet mitt. Eg fekk mange positive responsar på problemstillinga mi, men av ulike årsaker var det mange som ikkje kunne hjelpe meg. Etter å ha kontakta fleire organisasjonar og institusjonar, fekk eg endeleg positivt svar frå ein institusjon som jobbar med flyktningar og andre innvandrargrupper til dagleg. Eg sendte eit informasjonsskriv via e-post (sjå vedlegg 2) til kontaktpersonen her, der eg presenterte meg sjølv og formålet med undersøkinga mi. Her informerte eg også om varigheita av intervjuet, at all informasjon blir behandla konfidensielt, at deltakarane blir anonymisert i den ferdige rapporten og at deltaking er frivillig. Med forskingsspørsmålet mitt i tankane stilte eg også nokon krav eg meinte deltakarane burde fylle: Personane måtte vere flyktningar med høg utdanning frå heimlandet, som har vore i Noreg over ei lenger periode og som ikkje får nyttegjort seg av utdanninga si i den jobben dei har no. I brevet skreiv eg også at eg helst ønska personar som kunne snakke relativt godt norsk, dette fordi eg ønskte å unngå bruk av tolk. Eg gav ikkje nokon ønskjer for verken heimland, alder eller kjønn, då dette ikkje

var relevant i forhold til problemstillinga. På bakgrunn av denne informasjonen førespurte kontaktpersonen personar som kunne vere passande deltakarar, og etter at tre stykk hadde sagt seg villeg til å delta på prosjektet fekk eg namn og kontaktinformasjon. Eg ringde opp desse og presenterte meg sjølv og prosjektet, og vi avtalte vidare kontakt framover. Deretter sendte eg dei eit informasjonsbrev (sjå vedlegg 3) som gjentok det eg hadde skrive i brevet til min kontaktperson. Her la eg ved ei samtykkeerklæring (sjå vedlegg 4) som eg bad deltakarane om å signere før intervju starta.

Det er ingen reglar for kor stort utval ein bør ha i kvalitative undersøkingar, og Kvale (2001, s. 58) seier at ein må intervju "så mange personer som er nødvendig for å finne ut det du trenger å vite". Postholm (2005) peikar på at i eit mindre forskingsstudium kan det i forhold til omfang og tidsramme vere teneleg å velje eit lavt antal personar, og ho meiner at tre personar er nok til å klare å finne ein felles essens. Sidan dette er ei masteroppgåve med eit avgrensa omfang og tid tilgjengeleg er avgrensa til våren 2010, såg eg på tre forskingsdeltakarar som eit hensiktsmessig utval.

3.4 Analyseprosessen

3.4.1 Transkribering

Kvalitativ forskning har ein flytande natur som gjer det vanskeleg å trekke ei absolutt grense mellom datainnsamling og analyse. Gjennom feltarbeidet vil det oppstå idear rundt analysen si retning, og i tillegg kan mønster ta form og ein kan få idear til mulege kategoriar (Patton, 2002). Dei endelege analysane gjorde eg etter at alt datamaterialet var samla inn, men undervegs har eg gjort meg tankar og refleksjonar som har vore til nytte i analyseprosessen.

Retten etter at dei enkelte samtalanane var ferdige noterte eg meg mine refleksjonar rundt dei, og gjennom prosjektperioden har eg hatt ei notatbok med meg til å notere ned umiddelbare tankar og refleksjonar. Dalen (2004) peikar på at det er viktig å skrive ned slike analytiske notat fordi desse kan ha stor betyding seinare under den endelege analysen.

Ved å transkribere intervju frå munnleg til skriftleg form blir datamaterialet strukturert og dermed betre eigna for analyse. Det blir lettare å få oversikt over det empiriske materialet, og transkriberinga er i seg sjølv byrjinga på den formelle analysen (Kvale, 2001). Eg gjorde transkriberingsarbeidet sjølv, og eg transkriberte dei enkelte samtalanane rett etter at intervju var gjennomført. På denne måten hadde eg dei beste mulegheitene for ei god attgiving av kva deltakarane faktisk uttalte, i tillegg til at eg som forskar fekk god kjennskap og nærleik til

datamaterialet mitt (Dalen, 2004). Det er viktig å vere merksam på at transkripsjonane ikkje er ei nøyaktig attgiving av verkelegheita, men abstraksjonar. Intervjuet inngår i ein kontekst, medan transkripsjonane blir ståande for seg sjølv lausrive frå denne konteksten. Som forskar tek ein ei rekke val, og korleis eg vel å transkribere intervjuet vil ha betydning for vidare analyse og tolking (Kvale, 2001). For at eg seinare skulle ha mulegheit til å hugse konteksten i samtalan valde eg å transkribere intervjuet fullt ut. Eg tok derfor med både latter, nøling og avbrytingar i tillegg til ikkje-verbale aspekt, som til dømes pausar, i samtalen. Sjølv om nynorsk er den målforma som ligg nærmast mi eiga dialekt, og som også er den målforma eg skriv oppgåva i, valde eg å transkribere intervjuet til bokmål. For å unngå språkproblem og misforståingar måtte eg nemleg ofte legge om til bokmål under samtalan, og dessutan ligg bokmål nærmast den dialekten som deltakarane snakka. Ved å skrive ut alle samtalan på bokmål vart også datamaterialet oversikteleg og lettlest. Etter at eg var ferdig å transkribere intervjuet, hørte eg gjennom dei på nytt for å sjekke at utsegna var riktig nedskrivne og at eg hadde fått med meg alt. Det ordrette transkriberte språket kan lett framstå som usamanhengande og forvirrande (Kvale, 2001), og eg valde derfor å ikkje la deltakarane få lese gjennom transkripsjonane.

3.4.2 Val av analysemetode

I arbeidet med oppgåva prøvde eg å skrive teori før eg analyserte mitt datamateriale, men eg opplevde at det var vanskeleg å finne teori som gav mening for meg i forhold til mi problemstilling. Eg valde derfor å prøve å legge den teorien eg hadde lest bak meg, og heller la meg inspirere av ei Grounded Theory-tilnærming (Strauss & Corbin, 1998) i analysen av datamaterialet.

Grounded Theory er ei relativt induktiv tilnærming, der forskaren med utgangspunkt i det empiriske datamaterialet har som mål å utvikle ny teori som har sitt grunnlag (er ”grounded”) i data (Strauss & Corbin, 1998). På dette punktet skil mi tilnærming seg frå Grounded Theory – eg har ingen intensjon om å utvikle ny teori, og i diskusjonen av resultatene har eg valt å diskutere desse opp mot eksisterande teori. Eg har altså ikkje brukt Grounded Theory som eit verktøy for å utvikle ny teori, men har heller valt å bruke den konstant komparative analysemetoden innanfor Grounded Theory som analysestrategi.

Koding av data er sentralt innanfor Grounded Theory, og Strauss og Corbin (1998) beskriver ein kodingsprosess i tre trinn: Open, aksial og selektiv koding. Vidare påpeikar dei at koding

ikkje er ein rigid og strukturert prosess, men heller ein kreativ og flytande prosess der forskaren går fram og tilbake mellom dei ulike trinna. Det første trinnet, *open koding*, går ut på å oppdage omgrep ut frå nøye gjennomlesing av datamaterialet. Grupper av omgrep som ser ut til å dekke det same fenomenet blir deretter samla i same kategori. Det neste trinnet i kodingsprosessen, *aksial koding*, handlar om korleis dei ulike kategoriane står i forhold til kvarandre. Kategoriar blir relatert til sine subkategoriar, og dermed blir forklaringa av fenomenet meir fullstendig. Formålet med den aksiale kodinga er å spesifisere kategoriane, mellom anna ved å beskrive dimensjonar som når, kvifor og under kva forhold dei oppstår. *Selektiv koding* er det siste trinnet, og målet her er å avdekke nokon kjernekategori som kan relaterast til alle kategoriane og slik danne ein heilskap.

Under analysen av datamaterialet dukka det opp mange kategoriar og syns verka interessante. Nokon av dei vart droppa fordi ikkje alle forskingsdeltakarane var opptekne av temaet, og andre kategoriar vart slått saman fordi dei sentrerte rundt det same. Til slutt stod eg igjen med tre kategoriar som stod fram som sentrale, og som var felles for alle tre forskingsdeltakarane. Dei tre kategoriane eg har valt å ta med er: ”Oppleving av å ha ein meningsfull jobb i heimlandet”, ”Å kome til Noreg – ein stor overgang” og ”Frå ønsjjer og håp til tilpassing”.

Etter at eg hadde analysert datamaterialet og kome fram til sentrale kategoriar, byrja eg å leite etter litteratur som kunne belyse funna mine. Mesteparten av den teorien eg hadde lest på førehand forkasta eg, dette fordi eg meinte dei ikkje passa til dei resultata eg fekk. Berre perspektivet på karriere som kall fekk vere med vidare. I lys av dette er det relevant å spørje seg om kategorien som omhandlar opplevinga av å ha ein meningsfull jobb i heimlandet er noko eg har framprovosert på bakgrunn av mine antakingar. Strauss og Corbin (1998) påpeikar imidlertid at analysen er ein interaksjon mellom forskar og data, og kategoriane vil dermed reflektere denne interaksjonen. Både under intervjuet og i gjennomlesinga av det transkriberte materialet, oppfatta eg det slik at forskingsdeltakarane opplevde at jobben i heimlandet betydde mykje for dei. Dette stod sentralt når dei skulle fortelje sine historier.

3.5 Forskarrolla

I kvalitativ forskning blir forskaren sjølv sett på som det viktigaste forskingsinstrumentet (Lincoln & Guba, 1985), og Fog (2004, s. 36) poengterar at ”før man bruker sig selv som et instrument, må man have føling med, hvilket instrument dette selv er”. Forskaren bør altså presentere seg sjølv og sin erfaringsbakgrunn (Postholm, 2005).

I innleiingskapitlet gjorde eg greie for mi interesse for temaet, og at eg har lite erfaring med flyktningar. Det å formulere mine erfaringar og førforståing har fungert som ei bevisstgjeriing for meg, og dette var viktig for at eg skulle kunne møte forskingsdeltakarane med eit mest muleg opent sinn (Postholm, 2005). Eg har ei antaking om at høgt utdanna personar ser på sin jobb som viktig, og vidare ser eg derfor for meg at det å ikkje få jobb som er i samsvar med sin kompetanse kan opplevast som vanskeleg. Men det behøver ikkje å opplevast likt for alle. Samtalar med veilleiaren min har opna meg for eit meir nyansert syn. Kanskje er det slik at flyktningane er takknemlege for å ha fått jobb, og at det i seg sjølv opplevast som meiningsfullt? Før intervjuet var eg derfor open for at deltakarane hadde både positive og negative opplevingar rundt sin situasjon. Eg prøvde å legge mi førforståing bak meg i forkant av intervjuet, og i tillegg prøvde eg å ”nullstille” meg mellom kvart intervju for å ikkje legge den førre deltakaren si oppleving til grunn i det neste. For å halde fokus på deltakaren under samtalane prøvde eg også å vere bevisst på mine eigne kjensler, tankar og reaksjonar på deltakarane sine svar, slik at dette i minst muleg grad skulle forstyrre intervjusituasjonen (Kvalsund, 2006).

3.6 Ethiske refleksjonar

Ut frå Personopplysningslova § 31 var prosjektet mitt pålagt meldeplikt, og før datainnsamlinga kunne ta til sendte eg derfor ein søknad til NSD⁴. Der la eg ved intervjuguiden og informasjonsskriv både til min kontaktperson og forskingsdeltakarane, samt samtykkeerklæringa. I ettertid har eg revidert informasjonsskrivet, samt gjort små justeringar i intervjuguiden.

Dei etiske refleksjonane rundt eit forskingsprosjekt er imidlertid ikkje avgrensa til ei spesiell fase – både før, under og etter datainnsamlinga står forskaren ovanfor ei rekke etiske overvegingar. Omsynet til deltakarane skal komme i første rekke (Postholm, 2005), og Kvale (2001) tek for seg tre etiske retningslinjer som i denne forbindelse er spesielt viktige: Informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensar. *Informert samtykke* går ut på at deltakarane får informasjon om hovudtrekka i undersøkinga og undersøkinga sine overordna mål. Det betyr også at det må gjerast klart at deltaking er frivillig, og at deltakarane kan velje å trekke seg undervegs. Deltakarane i dette studiet vart førespurt av ein kontaktperson på

⁴ Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste, personvernombod for forskning.

bakgrunn av eit informasjonsskriv eg hadde sendt (vedlegg 2), og det kan dermed diskutert om deira rett til frivillig og informert samtykke kan ha blitt svekka. Eg veit ikkje korleis dei vart presentert for studiet, om det var i form av munnleg informasjon eller om dei også fekk tilsendt det skrivet eg hadde utarbeidd. Eg veit heller ikkje korleis forholdet deira til denne personen er. Kanskje opplevde dei det som eit slags press til å delta? Etter å ha fått deltakarar valde eg derfor å sende dei eit nytt informasjonsskriv (vedlegg 3), der eg gjentok det eg hadde skrive tidlegare og der eg understreka at deltaking er på frivillig basis med mulegheit for å trekke seg. Dette gjentok eg også munnleg før intervjuet starta. Før samtalen skreiv dei også under på ei samtykkeerklæring (vedlegg 4).

Deltakarar i forskning har rett til privatliv, og all informasjon skal behandlast *konfidensielt*. Data som kan avsløre deltakarane sin identitet skal derfor ikkje offentleggjerast (Kvale, 2001), og dette vart det også opplyst om både munnleg og skriftleg. For å ivareta personvernet nytta eg meg av fiktive namn, både under transkripsjon av datamaterialet og i forskningsteksten. Vidare vart heller ikkje informasjon om heimland, bustad, alder eller arbeidsplass tatt med.

Forskaren må også vurdere *konsekvensane* av eit intervjustudium, dette gjeld i forhold til muleg skade som kan påførast forskingsdeltakarane, men også potensielle fordelar ved å delta. I tillegg til å vurdere konsekvensane for enkeltindividet må forskaren også tenke gjennom kva det inneber for den større gruppa som dei representerar (Kvale, 2001). Forskingsdeltakarane i denne undersøkinga er i ein situasjon som det for nokon kan opplevast som vanskeleg å snakke om. I tillegg til bakgrunnen som flyktning, kan arbeidssituasjonen der ein ikkje får brukt utdanninga si opplevast som sårbar. Før intervjuet førebudde eg dei derfor på kva tema eg skulle ta opp, dessutan understreka eg at dei kunne la vere å svare på spørsmål dersom dei ønskte det. Intervjuet fokuserar på deltakaren sine personlege erfaringar, og intervjusituasjonen kan føre til at personen kan seie ting som han eller ho seinare angrar på (Kvale, 2001). Dette prøvde eg å ta omsyn til ved å vurdere i dei enkelte samtalanane kva slags oppfølgingsspørsmål som var greie å komme med. Eg tok meg også tid i etterkant av intervjuet til å prate med deltakarane om deira oppleving av situasjonen. I forhold til konsekvensane for den større gruppa som deltakarane representerar, håpar eg at dette studiet kan føre til større innsikt i deira situasjon. Ei slik innsikt kan vere til nytte for rådgjevarar og andre som jobbar med flyktningar og andre minoritetsgrupper, mellom anna ved å bidra til større bevisstheit og refleksjon.

3.7 Studiet sin kvalitet

I kvalitativ forskning er kvart møte mellom forskar og forskingsdeltakar eit unikt møte, og kunnskapen som kjem fram blir skapt i samhandlinga mellom personane som er involvert.

Sidan både personar og omgjevnadar endrar seg blir dei tradisjonelle krava til reliabilitet og validitet vanskeleg å møte, og ein kvalitativ forskar bør derfor nærme seg drøftinga av desse omgrepa på ein annan måte (Dalen, 2004). Eg vel å nytte Guba og Lincoln (1985) sine omgrep *truverdigheit*, *pålitelegheit* *overførbarheit* og *bekreftbarheit* når eg skal vurdere dette studiet sin kvalitet, fordi desse omgrepa kan sjåast på som meir eigna for å vurdere kvaliteten i kvalitativ forskning enn dei tradisjonelle omgrepa indre og ytre validitet, reliabilitet og objektivitet.

Det første kriteriet er *truverdigheit*, og dette heng saman med studiet sin sanningsverdi (Lincoln & Guba, 1985). Intervjua er råmaterialet for den seinare analysen, og kvaliteten på intervjua er dermed viktige for kvaliteten av analysen og om resultatene er truverdige. Eit viktig aspekt for å bygge opp truverdigheit blir her å fortløpande verifisere det som blir sagt (Kvale, 2001). Sjølv om forskingsdeltakarane i mitt prosjekt ikkje har norsk som morsmål, snakka alle relativt godt norsk. Likevel oppstod det ved nokre tilfelle misforståingar på grunn av språk under intervjua som vi måtte bruke litt tid på å oppklare. Det å ikkje ha norsk som morsmål kan også ha ført til utfordringar for deltakarane når dei skulle formulere seg, og dermed kan viktig informasjon ha gått tapt. For å bekrefte eller avkrefte mine tolkingar fekk forskingsdeltakarane også tilbod om å lese gjennom og godkjenne utkastet til analyse i tillegg til utsegn eg valde å nytte meg av. På denne måten fekk dei mulegheit til å påpeike eventuelle faktafeil og kommentere tolkingane mine. Slik *member checking* er med på å sikre forskinga si truverdigheit ved at det gjev meg som forskar sjanse til å rette opp feil, misforståingar og feiltolkingar (Lincoln & Guba, 1985). Alle tre fekk utkastet til resultatkapitlet tilsendt, men ingen kom med vidare kommentarar. Vidare nemner Lincoln og Guba (1985) *peer debriefing* som ein måte å ivareta truverdigheit på. Dette handlar om å diskutere sine tankar om prosjektet med ein person som kan kome med innspel. Gjennom forskingsprosessen har eg hatt jamlege møter med min veilleiar som har kome med kritiske spørsmål, innspel og tilbakemeldingar både i forhold til teori, metode og gjennomføring.

Kvalitativ forskning er tid- og situasjonsavhengig og for å sikre *pålitelegheit* blir det derfor viktig å legge fram dokumentasjon og synleggjere forskingsprosessen (Lincoln & Guba,

1985). Som forskar må eg heile tida gjere val, og i dette kapitlet har eg prøvd så nøyaktig som muleg å beskrive bakgrunn for val av metode, og korleis eg gjekk fram for å samle inn, bearbeide og analysere datamaterialet. I vedleggsdelen har eg også tatt med viktig dokumentasjon, som intervjuguide, informasjonsskriv, samtykkeerklæring og godkjenning frå NSD. På denne måten kan lesaren få eit innblikk i min prosess, og har dermed mulegheit for å vurdere om resultatane av mi undersøking er pålitelege.

Kriteriet *overførbarheit* går på at forskinga skal vere anvendeleg. Kunnskapen i ei kvalitativ undersøking er som nemnt kontekstspesifikk, men den kan likevel vere til nytte og overførast til andre liknande settingar, noko som blir kalla naturalistisk generalisering. Tanken er her at lesaren sjølv skal kunne vurdere om erfaringar og funn kan vere til nytte og overførast til sin eigen situasjon. For å kunne legge til rette for dette krevjast det detaljerte og rike beskrivingar av konteksten og deltakarane sine meiningar og oppfatningar (Lincoln & Guba, 1985; Postholm, 2005). Dette studiet handlar om tre høgt utdanna flyktingar, og i analysekapitlet vil eg forsøke å komme med tjukke beskrivingar av deira si oppleving av sin situasjon.

Sidan kvalitativ forskning er verdilada er ikkje objektivitetskravet formålsteneleg i kvalitative studium, og Lincoln og Guba (1985) stiller heller eit krav om at *bekreftbarheit*. Dette går ut på at ein som forskar er open om sin subjektivitet i staden for å gøyme seg bak omgrep som antyder objektivitet. Som beskrive under kravet om pålitelegheit har eg forsøkt å legge fram min forskingsprosess så nøyaktig som muleg, og i tillegg har eg prøvd å vere open om min erfaringsbakgrunn og mitt utgangspunkt. I analysedelen har eg også prøvd å vere tydeleg på kvar eg som forskar påstår noko ut frå det empiriske materialet.

4. Presentasjon av resultat

4.1 Innleiing

I denne delen av oppgåva vil eg presentere resultatane av undersøkinga. Gjennom analysen av datamaterialet kom det fram mange interessante kategoriar, og som beskrive i metodekapitlet stod eg etter kodingsprosessen igjen med tre stykk som eg meiner omfattar sentrale aspekt ved forskingsdeltakarane sine opplevingar:

- ”Ein meningsfull jobb i heimlandet”
- ”Å kome til Noreg – ein stor overgang”
- ”Frå ønskje og håp til tilpassing”.

Til grunn for resultatane ligg samtalar med Nadja, Amaud og Munir⁵, men det er viktig å understreke at det er eg som forskar som har tolka og valt ut kategoriane. Sidan undersøkinga er basert på intervju, er kategoriane eit bilete på korleis deltakarane opplevde sin situasjon på det tidspunktet intervjuet vart gjennomført. Dette betyr at dersom intervjuet hadde blitt utført på eit anna tidspunkt, kan opplevinga av situasjonen ha vore heilt annleis.

4.1.1 Presentasjon av forskingsdeltakarane

Før eg går vidare vil eg kort presentere forskingsdeltakarane, dette for å kunne gi eit lite innblikk i deira bakgrunn:

Nadja kom til Noreg i 2007. Med seg frå heimlandet har ho ei 6-årig universitetsutdanning, der ho har ein mastergrad frå kybernetisk institutt. Ho har også 11 års arbeidserfaring frå heimlandet, og har mellom anna undervist i informatikk og har jobba i ulike IT-firma som software-ingeniør. Nadja jobbar no som reinhaldar.

Amaud har også 6 år på universitet bak seg, der han har bachelor i sosiologi og master i sosialpsykologi. I heimlandet jobba han først som engelsklærer, før han fekk jobb på eit strategisk forskingssenter under universitetet. Etter at han kom til Noreg i 2003 har han hatt ei rekke ulike jobbar, mellom anna har han jobba som morsmållærer, målar og lagermedarbeidar. No jobbar han som miljøterapeut i ei oppfølgingsteneste, det er ei lita stilling og han jobbar på oppdrag.

⁵ Nadja, Amaud og Munir er anonymiserte namn på forskingsdeltakarane.

Munir er den som har vore i Noreg lengst, han kom hit i 1999. I heimlandet utdanna han seg som arkitekt, og han har lang fartstid i dette yrket. Då han måtte flytte til nabolandet starta han etter kvart sitt eige firma, og her vart han også spurt om å bli rådgjevar for myndigheitene. Her i Noreg fekk han gjennom Nav praksis i ein matvarebutikk, og då eigaren fekk økonomiske problem og måtte selje, samla Munir opp pengar og kjøpte butikken.

4.2 Ein meningsfull jobb i heimlandet

Den første kategorien eg vil trekke fram er at flyktningane opplever at dei hadde ein meningsfull jobb i heimlandet sitt. På spørsmål om kva jobben i heimlandet betydde for henne, svarte Nadja:

Først og fremst tror jeg at det var en mulighet å realisere meg i livet. Og det er min tanke, at man kommer hit på jorda, ja, for å realisere seg. For å gjøre noe, sin betydning. Og vi må bare finne, hvor er min veg her.

For Nadja er sjølvrealisering viktig, og jobben i heimlandet var for henne ein arena der ho kunne realisere seg sjølv. For hennar del seier ho at ho må ”arbeide med hodet”, og det at hovudet arbeider samanliknar ho med narkotikarus: ”*Det er som narkotika, fordi du må gå videre, videre*”. Fleire gongar i løpet av intervjuet uttrykker Nadja at det er ikkje høg utdanning i seg sjølv eller prestisje som er viktig, men det som er av betydning er at ein trivst med det ein held på med og at ein kan utvikle seg. Ho seier at:

”Det viktigste er å ha ønsker, å ha lys. Noen har høy utdanning, men har ingen lys, og er veldig pessimistisk. Å herregud (ler). Nei, jeg tror at denne mannen fant ikke seg [selv]. Bare trist og sint og...”

Nadja har også ei oppfatning av at ein er mest effektiv på dei plassane der ein trivst. I intervjuet seier ho at dersom ein har mulegheit til å realisere seg og gå vidare, så *må* ein gjere det fordi:

(...) det er veldig viktig for å utvikle personlighet, for å utvikle seg selv, for å bli glad, for å trives i verden, for å finne seg selv. Ikke på grunn av at høy utdanning er det kule, nei, nei. Jeg tror at hovedrollen min, og til alle, er å finne seg selv i denne verden.

I sitatet ovanfor påpeikar Nadja at sjølvrealisering er viktig for å kunne bli lykkelig, og i intervjuet uttalte ho også at når ho er lykkelig, kan ho gi hjelp og energi til andre fordi ho då produserar dette inni seg sjølv. Dette antyder at Nadja opplever at jobben ikkje kan sjåast isolert frå andre område i livet – har ho det bra i jobben smittar dette over på andre. Amaud påpeikar også denne samanhengen mellom jobb og andre livsområde:

(...) når man har ikke jobb, du mister alt, rett og slett. Du mister følelse til familie, du mister følelse til venner, du mister din, jeg kan si nesten alt, ikke sant?

For Amaud opplevdes jobben i heimlandet som veldig viktig for han på eit personleg plan:

Jobb det er først, rett og slett. Når du har en sikker jobb du føler deg trygg. Trygg på framtiden, trygg nå. Du har bra inntekt, du kan leve godt, du – alt, ikke sant?

I intervjuet gav han uttrykk for at han følte seg trygg i jobben han hadde på forskingscenteret, og for Amaud er denne tryggleiken viktig for at han skal kunne oppleve at han bidrar til samfunnet. Han gav også uttrykk for at han fann seg sjølv i jobben han hadde, og jobben betydde mykje for han i den perioden av livet.

Også for Munir betydde jobben i heimlandet mykje for han personleg. Han uttalte at ”*i mitt land er arkitekt stor respekt*”, og fortel at arkitektjobben gav han ein god posisjon i samfunnet og at han dermed fekk stor respekt frå folk, både vennar og familie. Då eg spurte om han kunne beskrive jobben som arkitekt, svarte han:

Det er vanskelig å beskrive, men da jeg jobbet i mitt yrke, det var, som jeg sa, jeg føler meg at jeg bygger mitt land. (...) Andre at når jeg blir ferdig med en plan, å tegne en plan ferdig, det betyr for meg at mange folk som er arbeidsledig skal få jobb – så hjelper folk å få jobb. Det tredje, eieren. Hvis en person skal bygge et hus eller prosjekt, så skal også bli glad hvis han så hans prosjekt bygget opp. Så, det er tre mål, nesten. Og jeg ble veldig glad når jeg så de alle tre er samlet (...).

Som sitatet illustrerar opplevde Munir at han i tillegg til å vere til nytte for personen som bestilte prosjektet, også var til nytte for samfunnet ved å bidra med å bygge landet og gjennom å skape arbeidsplassar. For Munir gav det stor glede å sjå at han var til nytte for andre og samfunnet. Også Nadja opplevde det å vere til nytte for andre som viktig:

Nei, jeg må forstå hva gjør jeg? Hvorfor gjør jeg det? Og hvilken fordel får noen bedrifter, eller personer, eller – hvilket mål jobben min har.

Det er tydeleg at alle opplevde jobben sin i heimlandet som meningsfull, både på det personlege plan og i eit samfunnsperspektiv. Nadja brukte omgrepet ”å ha lys” fleire gongar i løpet av intervjuet, og dette meiner eg kan stå for alle tre: Gjennom samtalane mine opplevde eg nemleg at når dei fortalde sine historier, så lyste alle tre av glede då dei beskreiv sine tidlegare jobbar.

4.3 Å kome til Noreg – ein stor overgang

Både Nadja, Munir og Amaud kjem frå kulturar som er veldig ulike den norske, og den andre kategorien eg ønskjer å trekke fram frå datamaterialet tar utgangspunkt i at overgangen til å leve i eit norsk samfunn opplevast som stor. Overgangen til å starte på nytt i eit nytt land er prega av mange og vanskelege følelsar, og dette sitatet frå Nadja meiner eg fangar inn hovudessensen i denne kategorien:

Og venner, og det vanlige livet som jeg er vant til (...), der må jeg starte helt på nytt. Jeg sier at jeg er åpen, at jeg er klar – ja det gjør jeg, det sier jeg til meg. Men det er ikke så lett å gjøre (...).

På den eine sida seier ho at ho er innstilt på å starte på nytt, men på den andre sida fortel ho at dette er vanskeleg. Det å flytte frå heimlandet betyr også at ein må flytte frå vennar og nettverk, og alle tre uttrykker eit sagn etter relasjonar til personar i heimlandet. Nadja fortel at ho saknar vennane sine i heimlandet, og også det å kunne diskutere fag og jobb med kollegaer på universitetet.

Amaud fortel at fritida er ”drepande” og at fritida betyr ”kjedelighet”, og seier at ”jeg ringte min kompis kanskje 20 ganger om natta” i den første tida etter at han kom hit. Han fortel at han no har mange bekjente her i Noreg, men at det er få han eigentleg kan kalle vennar – han saknar den uanstrengte og uformelle omgangen med vennar i heimlandet.

Munir uttrykker også eit stort sagn etter heimlandet, og omtalar heimlandet som ein ”drøm”. Då eg spurde Munir om forskjellen mellom Noreg og heimlandet, svarte han:

I [hjemlandet] du bor i et samfunn som kjenner deg, hvem du er. Så du føler deg at du har hva skal jeg si, at du har nettverk, eller, du føler deg at du er i en god posisjon, at folk respekterer deg, vet hvem du er. Men når du kommer til Norge du er en ny person, ingen kjenner deg. Du teller som alle utlendinger som kommer.(...) Da jeg kom til Norge, jeg følte meg at jeg var bare en vanlig person som alle de andre. Så i begynnelsen jeg sa "ok", etter hvert... Jeg trodde det var lett å gå inn i samfunn, men jeg fant stor vanskelighet. (...) Til nå jeg, jeg kan ikke si jeg er helt integrert, det finnes vanskelighet. Men likevel, det er bedre, bedre enn ingenting.

I heimlandet hadde Munir ein god posisjon og nettverk, medan han her i Noreg oppfattar seg sjølv som berre "ein i mengda". Han syns at det med integrering er vanskeleg, og sjølv om han har jobb og har budd 11 år i Noreg kjenner han seg framleis ikkje heilt integrert. Han opplever nordmenn som lukka og vanskeleg å bli kjent med, noko som også Amaud peikte på under sit intervju.

Samtidig som dei har ei kjensle av sagn til heimlandet, må dei etablere seg på nytt i eit anna land. Det å lære seg det nye samfunnet å kjenne opplevast som vanskeleg, noko sitatet til Amaud nedanfor illustrerar:

Men der [hjemlandet] relasjoner blir bygget veldig lett, det vet du, man blir født og oppvokst der, så det er veldig lett å komme inn i systemet, å forstå systemet. Men når du kommer her som voksen person, det blir veldig vanskelig. Det blir veldig vanskelig å forstå hva man kan gjøre.

Forutan at språket er ukjent, er dei kulturelle kodane og måten samfunnet er organisert på heilt annleis. I intervjuet seier han at kulturane er heilt forskjellige, og vanskelege å samanlikne. Munir uttrykker det same på denne måten: "(...) når jeg flyttet fra mitt land og kom til Norge, så fant jeg meg i et annet liv, et helt nytt system (...)". Tidlegare i intervjuet brukte han også ein metafor der han sa at han følte seg som ein plante som blir tatt opp frå jorda og som blir planta på nytt ein annan stad. Å setje seg inn i eit heilt nytt system er vanskeleg, og Nadja fortel at det å forstå folk her i Noreg krev mykje energi og konsentrasjon, og at dette gjer at ho fort blir sliten. Ho beskriv vidare ein situasjon der sjølv dei enklaste ting kan virke uoverkomelege: "Det var veldig vanskelig de første, ja, to årene. Jeg hadde ingen penger, jeg klarte ikke å gå til frisør eller å ta buss – ingenting".

Ei anna side ved opplevinga av å komme til Noreg er at alle forskingsdeltakarane hadde ei forventning om å få seg ein bra jobb der dei fekk ta i bruk si utdanning, men etter å ha vore her ei stund blir denne forventninga broten. Høg utdanning i tillegg til arbeidserfaring bidrar til ei tru på at det å få seg jobb som står i forhold til si utdanning skal vere lett, noko sitatet til Munir nedanfor illustrerar:

Jeg trodde at jeg skulle finne jobb som arkitekt. Jeg var litt – jeg føler at jeg har erfaring. Jeg flyttet fra mitt land til [naboland] i første omgang. Så etter ca. 1 år jeg åpnet mitt eget firma, jeg ble veldig populær. Myndighetene inviterte meg som rådgiver. (...)Så jeg trodde jeg har nok erfaring som kan hjelpe meg når jeg reiser til Norge for å få jobb. Men du blir sjokkert at det ikke er lett.

Ei tilsvarande oppleving finn vi hos Nadja, som endå ikkje har fått si utdanning godkjent: ”Så jeg har utdannelse, jeg har hendene, jeg har hodet. Så jeg er klar å gjøre noe. Så jeg var aldri redd å flytte til Norge, nei”.

Amaud fekk etter ei tid utdanninga si godkjent, men har likevel vanskeleg for å få jobb der han får ta i bruk si utdanning:

Men når jeg hadde fått det [godkjent utdannelse], jeg tenkte – og det var feil tenker jeg – jeg tenkte at nå jeg kan få jobb, jeg kan begynne å stille opp mitt liv. Men det var ikke helt... – det var bare en tanke.

Det at dei ikkje får tatt i bruk si utdanning gjennom jobb her i Noreg, opplevast som trist og vanskeleg. Munir seier at han blei ”sjokkert” då han oppdaga at det ikkje var lett å få seg jobb som arkitekt, og opplever det å måtte forlate arkitekturket som ”veldig vanskelig”. Amaud seier det av og til kjennes ut som om han skal ”eksplodere”, og han beskriver situasjonen der han ikkje får brukt si utdanning som ”veldig trist” og ”deprimerende” – og dette er uttrykk som også Nadja brukar når ho snakkar om sin situasjon. Nadja seier også at ho etter at ho kom til Noreg sit med ei dårleg kjensle av degradering.

Eit anna moment som kom klart fram i samtalanene med Nadja og Amaud, er at overgangen til å bu i Noreg også er prega av usikkerheit. Munir har budd i Noreg i 11 år, og er dermed den som har vore her lengst. Han fortel at situasjonen då han kom til Noreg var usikker fordi han

tenkte heile tida å flytte tilbake til heimlandet, men denne usikkerheita var ikkje eit sentralt tema i samtalen.

Nadja, derimot, kom hit i 2007, og er no inne i ein prosess der ho prøvar å få utdanninga si godkjent hos ulike utdanningsinstitusjonar. Dette er ein tidkrevjande prosess, og ho ventar på svar slik at ho har eit utgangspunkt for å vite kva mulegheiter ho har vidare. Ho opplever situasjonen sin som veldig usikker:

Jeg fortsetter å søke min framtid, og jeg skal fortsette. Jeg kan ikke si at det er klart til meg nå, jeg trenger forskjellige svar. Fordi jeg tenkte "det blir sånn, sånn og sånn", og jeg planla, men situasjonen går andre vegen, så. Jeg vet ikke nå, akkurat nå, jeg venter på svar. Jeg tenker å ta studie, men hvilket studie vet jeg ikke. Men jeg tenker å ta. Blir det engelskkurs? Blir det ingeniørutdanningskurs som passer? Eller – ja, får se.

Sjølv om han har fått si utdanning godkjent, beskriver også Amaud sin situasjon som usikker. Han saknar den tryggleiken jobben i heimlandet gav han, og fortel at han etter 7 år i Noreg framleis ikkje kjenner seg trygg.

Men å jobbe som oppdragstaker, eller vikariat her og vikariat her, det er, jeg vet ikke, det er veldig vanskelig, rett og slett. Du føler deg ikke trygg. Den trygghet som man trenger i seg selv, slik at du føler at "jeg kan bidra mer, jeg kan hjelpe, jeg kan gjøre", ikke sant? Jeg har ikke det. (...) Men problemet var at det ikke var fast jobb, og når du ikke har fast jobb du har ikke den trygghet. At man kan ikke kan føle seg at "ja, her jeg kan sove godt, og jeg kan lukke mitt øye uten at jeg er redd for i morgen". Jeg har ikke den følelse enda.

Jobben som oppdragstakar gjev han ikkje den tryggleiken han ønskjer, og han har begynt å vurdere om han i det heile tatt skal fortsette å bu i Noreg: "Jeg har begynt å tenke på å flytte ut herfra, slik at jeg kan skaffe meg jobb på et annet sted, rett og slett. Hva skal jeg gjøre her?".

4.4 Frå ønskje og håp til tilpassing

Førre kategori peika på at overgangen til å bu i Noreg er karakterisert av mange vonde kjensler, og at forventninga om å få ein god jobb her i Noreg blir broten. Til tross for dette har flyktningane eit ønskje og håp om å få ein jobb der dei får tatt i bruk si utdanning, men etter kvart ser det ut som om dei gjev litt slepp på sine ønskjer og tilpassar seg livet i Noreg. Den

tredje kategorien eg tolkar ut frå datamaterialet handlar nettopp om denne prosessen med å bevege seg frå ønskjer og håp til å gi slepp på desse og tilpasse seg situasjonen.

Munir hadde aldri trudd at han skulle bli nøydd til å forlate arkitektyrket, og såg på butikkjobben i Noreg som midlertidig i byrjinga.

Når jeg skiftet [jobb], i begynnelsen jeg trodde [det] skal bare være midlertidig. Så etter tid, så blir jeg enig at jeg ikke skal søke mer på min jobb, jeg skal få annet yrke, eller annen jobb. (...) Jeg tror det var 2-3 år siden, jeg begynte å føle at jeg skal ikke få mer jobb som arkitekt i Norge. Jeg vet at når man blir gammel så blir det vanskelig å få jobb, det er først. Det andre, når man kan ikke snakke godt språk så er det også vanskelig å få jobb. Og tredje, det var teknologi. For tegning, alltid det finnes nye systemer som man må følge. Når du blir ut [ute av arkitektyrket], ca 10 år vi har nå fra 99, så det blir vanskelig å komme tilbake.

Han forklarar det at han ikkje får jobb som arkitekt med tanke på både alder, språk og teknologi, og etter over ti år vekke frå yrket ser han at det blir vanskeleg å vende tilbake. Sjølv om han framleis har lyst å jobbe som arkitekt, ser det ut som om Munir har akseptert tanken om at han sannsynlegvis ikkje kjem til å komme tilbake til yrket. Han fortel at han har registrert seg på eit fransk universitet for å kunne lese meir, og at han også tek arkitektoppdrag frå bekjente i heimlandet. Å vere i kontakt med arkitektyrket på denne måten seier han at gjev han stor glede. Då eg spurte Munir om kva han ønskjer seg frå framtida, svarte han:

Min oppgave faktisk, å si å hjelpe andre. Jeg blir glad når jeg hjelper andre for å gjøre sitt mål. Jeg ønsker å bli, hvis du spør om utdanning, om jobb, så jeg ønsker en dag å komme tilbake og jobbe som arkitekt, men det blir vanskelig nå. Men jeg blir glad når jeg ser andre glad (...)

Det å hjelpe andre til å nå sitt mål var også noko av det han beskreib som meningsfullt med arkitektjobben i heimlandet, men her i Noreg har han funne andre måtar å hjelpe andre på. Til dømes jobbar Munir frivillig med å løyse konflikhtar mellom minoritetsfamiliar og norske institusjonar, og dessutan engasjerar han seg sterkt for å fremme dialog mellom ulike kulturar og trussamfunn.

Når Amaud fortel si historie fortel han at ønsket om å komme framover i livet fungerte som ei drivkraft for å søke jobbar som står i samsvar med hans utdanning i byrjinga, og han samanliknar dette med det å ha ein ild (fyr) inne i seg sjølv:

Det, i den perioden jeg hadde et stort håp at jeg kommer til å komme framover, ikke tilbake, ikke sant? (Ler). Rett og slett. Man ønsker hele tida å gå et skritt fram, ikke et skritt tilbake. Det var som motivasjon som står bak det, hvorfor har jeg flyttet til Norge og hvorfor har jeg begynt å jobbe her og sånn. Og i begynnelsen jeg var veldig engasjert for å få jobb og sånn. Men etter 5-6 år jeg føler at den følelse har begynt å gå ned, dag etter dag. Det – jeg har ikke den... I begynnelse jeg følte som det er fyr, fyr inn i meg sjøl, ”nei, jeg må få jobb i dag, jeg må få... ”. Til slutt du prøver 1 gang, 2 ganger, 3 ganger, 4 ganger, ikke sant? Men til slutt, man blir sliten.

Det å få avslag på avslag fører imidlertid til at han blir sliten, og den ilden som er inne i han blir svakare. Han ønskjer å få ta i bruk sin kunnskap og vise kva han kan, men har innsett at situasjonen er annleis:

Jeg vet at å snakke om sånne saker blir mer å blande mellom hva man ønsker og hva man i realiteten har. Det blandes. Jeg ønsker, og jeg ønsker og jeg ønsker. Men hva jeg har, ok, ingenting, rett og slett. Ingenting.

Når han snakkar om situasjonen der han ikkje får tatt i bruk si utdanning, seier han vidare:

Jeg vet ikke hva man kan gjøre med dette, ikke sant? Jeg prøver å forbedre meg hver dag. Både min norsk, jeg leser, min utdanning... Jeg begynner å glemme hva jeg har studert, kanskje du blir overrasket over dette, men det er sånn, jeg har begynt å glemme alt. Så jeg har begynt å ta opp mine bøker og begynt å studere på nytt, hjemme.

Ved å utvikle norsken og oppdatere sin kunnskap styrkar han sin kompetanse, noko som kanskje gjer at han stiller sterkare i arbeidsmarknaden.

Også Nadja har innsett at situasjonen ho er i er annleis enn det ho hadde planlagt og ønska: ”Fordi jeg tenkte ”det blir sånn, sånn og sånn”, og jeg planla, men situasjonen går andre vegen, så.” Livet vart ikkje slik ho planla, og ho seier at ho er ”åpen for å starte på nytt”. Nadja har berre vore i Noreg i knapt tre år, og mykje av tida hennar går med på å søke på

andre jobbar, og å søke om godkjenning av utdanning. Ho har innsett at det ikkje var så lett å få jobb som ho trudde, og er derfor open for å søke andre jobbar enn det ho dreiv med i heimlandet. Å ta vidare utdanning eller omskulere seg er også aktuelt dersom dette hjelper henne på veg. I tillegg til den tidkrevjande søkingsprosessen fortel Nadja at ho har meldt seg opp i fleirkulturell pedagogikk:

Så nå går jeg på flerkulturell pedagogikk ved [---], bare for å lese, for å skrive, snakke, bare å bli kjent, hva skjer over alt, kanskje, hvordan går det med andre flyktninger her? Kanskje skape noe informasjon.

Å studere pedagogikk er for Nadja eit verktøy for å tilpasse seg livet i Noreg. Det er både ein måte å bli kjent med Noreg og korleis det går med andre flyktningar, og det er ein arena der ho kan praktisere det norske språket både munnleg og skriftleg.

4.4.1 Jobb for å overleve

I den første kategorien beskrev forskingsdeltakarane ein meningsfull jobb i heimlandet, og kontrasten er stor til den opplevinga dei beskriver av sin jobb i Noreg. Utsagnet frå Munir nedanfor skildrar dette:

Å si til deg at jeg elsker den jobben, jeg elsker ikke den. Jeg savner min jobb som arkitekt. Hvis jeg finner halvparten av inntekten jeg har nå, så jeg skifter direkte til arkitekt. Men som jeg sa til deg, jeg vil, jeg må jobbe, så jeg jobber. Men ikke med god... (legger hendene på hjertet).

Ovanfor vart det vist at forskingsdeltakarane har innsett at jobbsituasjonen i Noreg er annleis enn ønska, og det kan sjå ut som om ein del av tilpassingsprosessen handlar om å ta ein jobb – sjølv om denne ikkje er i samsvar med deira kompetanse. Munir seier at ”*jeg må jobbe, så jeg jobber*”, også Nadja gjev uttrykk for det same: ”*[jeg] må jobbe, jeg klarer ikke å sitte hjemme*”. Amaud på si side fortel at han ikkje ønskjer å oppfatte seg sjølv som ein ”tung gjest” – han vil ikkje vere overflødig i samfunnet, men har eit ønskje om å bidra.

Jobben her i Noreg opplevast ikkje som meningsfull i seg sjølv, men er heller viktig i det den gjer dei i stand til. Munir jobba som arkitekt i heimlandet, medan han her i Noreg driv ein matbutikk. På spørsmålet om kva denne jobben betyr for han, svarte Munir:

Det er bare for – for meg det er bare for å ha inntekt. (...) Og mine barn, jeg vil ikke gi dem følelse av at deres far er arbeidsledig, eller får støtte fra sosialen. Så jeg måtte kjempe for å få jobb. Da jeg fant ikke, så jeg opprettet eget firma. Og det går bra, det er nok inntekt så man kan leve.

Med dette sitatet trekker Munir ut to viktige aspekt ved sin jobb: For det første er jobben ei kjelde til inntekt, han tjener nok til at han kan leve av det. For det andre gjev jobben ei kjensle av sjølvstendigheit – jobben gjer at han ikkje er avhengig av andre for å kunne leve. Nadja peikar på dei same aspekta ved sin jobb som reinhaldar:

Det betyr at jeg tjener penger og jeg kan betale dansekurs til datteren, og jeg kan betale drama, og jeg kan kjøpe noe mat. Jeg spør ikke mannen ”kan du kjøpe meg den og den...?” (...) Jeg hadde bare 2000 som foreldrene får for barna, men det er ikke mine penger. (...) Ja, så jeg var veldig glad når jeg fikk den jobben, for det er frihet til meg, først og fremst.

Det å vere sjølvstendig opplevast altså som viktig, og Amaud seier at:

Og jeg er en type person – jeg liker ikke å gå på stønad, eller sosialstønad fra NAV og stå i kø for å få 4700 i livsopphold. Det har jeg ikke lyst til, og aldri jeg kommer til å gjøre det. Nei. Jeg legger meg og sover uten mat, det jeg kan gjøre. Det jeg bestemmer over. Men aldri...

Amaud jobbar som miljøterapeut på eit ressurscenter, det er ei lita stilling der han jobbar på oppdrag. Han fortel at det er ikkje så mykje, men det er nok til at han kan leve av det – og det er veldig viktig for han.

5. Diskusjon

I dette kapitlet vil eg diskutere resultatane frå analysen i lys av dei teoretiske perspektiva eg gjorde greie for i kapittel 2. I diskusjonen vel eg først å ta utgangspunkt i dei tre kategoriane eg kom fram til i førre kapittel, dette fordi eg opplevde at desse tre aspekta stod i fokus under alle forskingssamtalane. Til slutt vil eg bruke teorien om personar i relasjon som eit overordna perspektiv og diskutere heile datamaterialet i lys av dette.

5.1 Ein meningsfull jobb i heimlandet

Gjennom samtalane med Nadja, Munir og Amaud, kom det fram at alle på ein eller annan måte opplevde sin jobb i heimlandet som meningsfull. Leider (1997) skriv om korleis det å følge sitt hjerte skapar mening i arbeidet, og hans teori gjev ein innfallsvinkel til å forstå forskingsdeltakarane si oppleving av sine tidlegare jobbar.

Slik eg tolkar Nadja sine uttalingar, er hennar syn på jobb i tråd med Leider (1997) sitt teoretiske perspektiv. Nadja meiner at hovudrolla til alle menneske er å finne seg sjølv i denne verda – ho meiner at vi kjem hit til jorda for å realisere oss og leve ut vår betyding. For å kunne gjere dette seier ho at vi må finne vår veg her. Desse refleksjonane er i samsvar med Leider (1997) si vektlegging av å finne seg sjølv som person, der han meiner at vi for å kunne gjere dette må søke etter formålet med vårt liv. Leider hevdar også at alle menneske har ulike formål med sitt liv, og for å kunne oppfylle sitt formål som menneske må ein først bli klar over kva dette formålet er for deretter å leve det ut. Vidare meiner Nadja at det å realisere seg sjølv er viktig for å utvikle både seg sjølv og sin personlegdom, og i tillegg er sjølvrealisering nøkkelen til å oppleve glede og til å trivast i verda. I forhold til jobb ser ikkje Nadja det som viktig å ha ein jobb med prestisje eller ein jobb som er basert på høg utdanning, det viktige er ”å ha lys” – at ein trivst der ein er og at ein kan utvikle seg vidare. Tankane rundt sjølvrealisering og jobb ser også ut til å vere i tråd med Rogers (1961), som meiner at mennesket innehar ein sjølvaktualiserande tendens. Mennesket har altså ein tendens mot å utvide og utfolde seg, og har dermed mulegheit til å utvikle sine evner og sitt potensial.

Sjølv om Nadja sine refleksjonar rundt jobb samsvarar med Leider (1997) sin teori, betyr ikkje dette nødvendigvis at det var slik ho opplevde sin situasjon. Opplevde Nadja at ho var i kontakt med sitt livsformål i sin jobb som software-ingeniør? I følgje Leider (1997) kjem vårt livsformål innanfrå, og det er berre personen sjølv som kan vite om ho eller han har det. Det er altså berre Nadja sjølv som kan seie noko om dette, men slik eg ser hennar utsegn tyder det

på at ho var i kontakt med sitt formål. Nadja fortalde nemleg at jobben i heimlandet var ei mulegheit for henne til å realisere seg sjølv i livet, og ho gav uttrykk for at ho treivst godt i jobben.

Synet på jobb som noko meiningsfullt ser altså ut til å vere ganske klart uttrykt i Nadja si bevisstheit, hos Munir og Amaud kjem ikkje dette like klart fram. Likevel meiner eg at datamaterialet gjev grunnlag for å tolke også deira oppleving av sin jobb i heimlandet som noko djupare og meiningsfullt – jobben var meir enn ”berre ein jobb” for dei. Når det gjeld Amaud, gav han i intervjuet uttrykk for at han fann seg sjølv i jobben han hadde på forskingssenteret. Jobben i heimlandet betydde mykje for han, og Amaud følte seg trygg der. Det å ha ei slik tryggleikskjensle gjennom jobben meiner han er viktig for å kunne oppretthalde følelse til familie og vennar – utan jobb og tryggleik meiner han at ein mister omtrent alt.

For Munir er respekt veldig viktig, og arkitektjobben han hadde gav han stor respekt både frå vennar og familie. Jobben sikra han også ein god posisjon i samfunnet. Desse to aspekta ved sin tidlegare jobb la han stor vekt på under intervjuet. Dersom jobben som arkitekt var viktig for Munir berre på grunn av at den gav han ein god posisjon og respekt, så kan dette tolkast som å vere i strid med Leider (1997) si meining om at ein må vende seg til ei indre referanseramme for å finne ut kva som er sitt formål. Dette kan då tolkast som at jobben ikkje opplevdes som meiningsfull i seg sjølv, men var viktig berre på grunn av det Munir kunne oppnå gjennom den. Eg meiner imidlertid at datamaterialet gjev grunnlag for å hevde at Munir opplevde jobben som viktig utover det at den skaffa han personlege gode. I tillegg til posisjon og respekt, la Munir vekt på at det å hjelpe andre var ein viktig del av jobben og at dette er viktig for han personleg. I tillegg til å vere til nytte for den som bestilte prosjektet, opplevde Munir å vere til nytte for samfunnet. Han opplevde at han bidrog med å bygge sitt land, og at han bidrog med verdiskaping gjennom at han sine prosjekt skapte arbeidsplassar. Dette kan sjåast i samanheng med Leider (1997) sin idé om at det å engasjere seg i noko som er større enn sin eigen suksess gjev livet meining. Det kan også sjåast i forbindelse med ideen om at å handle med formål er å bruke sine talent eller sitt potensial på noko ein verkeleg trur på og som er viktig for ein.

I følgje Leider (1997) betyr det å følgje sitt kall at ein står ovanfor noko som ein syns er så viktig at ein ønskjer å rette store delar av si merksemd mot det. Å gjere noko meiningsfullt

gjev oss ein grunn til å stå opp om morgonen, og dersom ein arbeider med noko ein syns er veldig meiningsfullt vil ein ha stor glede av det. Både Nadja, Munir og Amaud fortalde i løpet av intervjua at dei hadde stor glede av sine tidlegare jobbar.

5.2 Å kome til Noreg – ein stor overgang

Felles for deltakarane i dette studiet er at dei av ulike årsaker har opplevd å bli tvinga på flukt frå heimlandet, dei har alle føretatt ei ”territorial” reise (van Gennep, 1960) og enda opp i Noreg. Det å måtte etablere seg på nytt i eit anna land inneber ei signifikant endring i livssituasjon og roller, og på denne måten kan ein sjå på den reisa forskingsdeltakarane har gjort også som ei sosial reise. Levine (1992) peikar på at i forhold til den sosiale reisa er personane i ein tilstand av overgang når dei er i det symbolske området der dei ikkje lenger er medlem av den gamle gruppa, men framleis ikkje blitt medlem av ei ny. Når det gjeld å etablere seg på nytt i eit nytt samfunn, kan ein seie at forskingsdeltakarane er i ein tilstand av overgang når dei finn seg sjølv mellom dei rollene dei spelte i heimlandet og før dei har fått bygd opp sin identitet og fått nye roller her i Noreg. Korleis opplever så Amaud, Nadja og Munir det å leve i, og med, denne overgangen?

I følgje Bridges (1980) byrjar ein kvar overgang med ein slutt, og det å måtte gje slepp på det gamle kan opplevast som vanskeleg. Både Nadja, Amaud og Munir gjev uttrykk for eit stort sagn etter heimlandet. I tillegg til at dei måtte gi opp den jobben dei hadde, innebar det å flytte frå heimlandet også at dei måtte forlate familie, vennar og kollegaer. Bridges (1980) seier at vi i større grad enn vi er klar over identifiserar oss som personar ut frå dei rollene vi spelar og dei forholda vi har. For forskingsdeltakarane sin del betyr dette at dei ved å flytte til Noreg har mista mange referansepunkt, dei har mista måtar å definere seg sjølv på, og ein kan dermed tenke seg at dei vil kunne oppleve at deira identitet til ein viss grad løyser seg opp. Ei utsegn frå Munir skildrar dette; han fortel at i heimlandet *”du bor i et samfunn som kjenner deg, hvem du er”*, og vidare at i Noreg *”du er en ny person, ingen kjenner deg”*. Han meiner at han då han kom til Noreg *”teller som alle utlendinger som kommer”*, og at han var *”bare en vanlig person som alle de andre”*. Turner (1970/1996) ser på den liminale fasen, overgangsfasen, som ein mellomtilstand. Personane som er her finn seg sjølv midt mellom det gamle og det nye, og kan dermed ikkje identifisere seg fullt ut med verken det eine eller det andre. Arkitektjobben i heimlandet gav Munir ein god posisjon i samfunnet, han opplevde at folk respekterte han, og uttalingane hans ovanfor tyder på at det å vere arkitekt utgjorde ein stor del av hans identitet. Då han kom til Noreg var det derimot ingen som kjente han, og han

oppfatta det slik at han blei sett på som berre ein av mange i den første tida. Identiteten som arkitekt med ein god posisjon blei dermed svekka, samtidig som han endå ikkje hadde funne si rolle i Noreg.

Overgangsfasen har altså ein tvitydig karakter, og personane som finn seg sjølv her er dermed ikkje ein del av den ordna og definerte verda – dei står på ein måte på utsida (Levine, 1992). Som vi såg ovanfor er arbeidslivet ein del av dette, men det ser ut som om overgangsfasen verkar inn på alle livsområde. Munir fortalde i sitt intervju at han ikkje kjenner seg integrert i samfunnet, og både han og Amaud opplever nordmenn som lukka og vanskeleg å bli kjent med. Amaud har mange bekjente i Noreg, men har få han kan kalle vennar. Nadja på si side fortel om vanskelegheiter med språk, ho seier at det å forstå kva nordmenn seier og eigentleg meiner krev mykje energi. Den norske kulturen, språket og samfunnet er ukjent, og både Munir og Amaud fortel at det å kome til Noreg er å kome til eit heilt nytt system der ein ikkje heilt veit kva ein skal gjere. Nadja fortel at dei første åra opplevde ho at sjølv enkle ting, som det å ta buss, virka uoverkomelege. Det er mykje nytt å setje seg inn i, noko som skapar forvirring. Utsegnene frå Nadja, Munir og Amaud viser at det å tilpasse seg eit nytt livsmønster opplevast som vanskeleg, og kan tolkast som at dei i ei tid opplever seg sjølv som å stå litt på sida av samfunnet.

I tillegg til den forvirringa det å setje seg inn i eit nytt samfunn skapar, må også forskingsdeltakarane leve med vanskelege følelsar som eit resultat av brotne forventningar. Alle tre trudde at det skulle vere lett å få seg ein jobb som svarte til si utdanning, noko som tvert i mot viste seg å ikkje stemme. Det at situasjonen går motsatt veg av det dei hadde tenkt, fører også til at overgangen til å bu i Noreg er prega av usikkerheit. Nadja er i ein prosess der ho søker om godkjenning av utdanninga si, samtidig som ho søker på jobbar som står i forhold til hennar utdanning. Ho treng svar for å kunne planlegge hennar og familien si framtid, og opplever sin situasjon som usikker. Nadja veit ikkje om ho skal ta utdanning vidare, eller i så tilfelle kva slags utdanning ho skal velje. I følgje Bridges (1980) kan personar som er i ein overgangsprosess ha ei kjensle av at ingenting er solid lenger. Jobb utgjør ein stor del av livet, og det at Nadja sin arbeidssituasjon er så usikker gjer at ho manglar eit sentralt og fast haldepunkt i livet. Også Amaud fortel om ei oppleving av usikkerheit rundt sin jobbsituasjon. Han jobbar som oppdragstakar, og den usikkerheita dette medfører gjer at han føler seg utrygg og bekymrar seg for framtida. Usikkerheit i forhold til jobb skapar altså bekymringar i forhold til livet elles, og tilveret kjennast ustabil og lite solid. Dette kan også

sjåast i samanheng med Levine (1992) som peikar på at det å ha ei definert rolle eller stilling gjev tryggleik og beskyttelse, men personar som er i ein overgangsfase manglar slike klare referansepunkt og kan dermed føle seg mindreverdige og ”nakne”. I følgje Maslow (1968) er behov for tryggleik og behov for tilhøyrigheit nokon av våre grunnleggande behov, og slik eg ser det er desse behova viktige i forhold til vår relasjon med omverda. Jobbsituasjonen skapar ein generelt usikker og utrygg livssituasjon, og i tillegg har forskingsdeltakarane mista den tilhøyrigheita dei hadde til menneska rundt seg i heimlandet. Dei har altså mist mykje av det som er viktig i livet, og forskingsdeltakarane brukar ord som ”trist”, ”veldig vanskelig” og ”deprimerende” når dei fortel om sin situasjon.

5.3 Frå ønskje og håp til tilpassing

Å vere i ein overgangsprosess betyr å stå på terskelen, med ein fot på kvar side, og opplevinga av tvitydigheit kan dermed seiast å ligge implisitt i denne fasen. Samtidig som at personar som er i den liminale fasen kan vere sårbare og kjenne seg mindreverdige, meiner Turner (1970/1996) at dei også er i ein posisjon av refleksjon, transformasjon og kreativitet – det er i denne grensesituasjonen at mulegheitene for vekst finst. Kva er det som er framtreddande i forskingsdeltakarane si oppleving? Er det ei kjensle av å vere sårbar, mindreverdig og utan beskyttelse av ei rolle, eller er det mulegheiter og vekst? Eller er kanskje begge deler like framtreddande?

I diskusjonen av førre kategori vart det satt fingeren på at overgangar i stor grad inneber å måtte leve med sagn, forvirring, brotne forventningar og usikkerheit. Amaud, Nadja og Munir uttrykker med dette eit ubehag ved å vere i ein mellomfase, og det kan dermed sjå ut som at tanken om at overgangen kan gi styrke til kreativitet og transformasjon ligg utanfor deira bevisstheit. Munir og Amaud har vore i Noreg sidan 1999 og 2003, og begge kan fortelje om ein aktiv jobbsøkingssprosess dei første åra – ein prosess som Nadja lever i no. Å vere i ein mellomfase inneber at ein ikkje har ei definert rolle (Levine, 1992), og personar som finn seg her vil dermed kunne oppleve at identitet knytt til roller i større grad eksisterar på kvar side av mellomrommet. At forskingsdeltakarane har eit sterkt ønskje om å kome seg fort ut i ein jobb som er i tråd med deira utdanning, kan dermed tolkast som ei motvilje mot å leve i det usikre og ustabile. Sjølv om mykje skjer i forskingsdeltakarane sitt liv i overgangsperioden, kan det sjå ut som at overgangen i deira bevisstheit i hovudsak blir sett på i lys av stillstand og at mulegheitene for vekst for dei finns på den andre sida av denne fasen.

Ubehaget ved å leve i ein mellomfase kan også belyst frå eit samfunnsperspektiv. I media har det vore utallige oppslag om og debattar rundt innvandringsbefolkninga, og ikkje sjeldan blir dei omtalt på ein måte som indikerar at store delar av dei som tilhøyrrer denne gruppa blir sett på som late og kravstore (Evensen, 2004; Olsen, 2009) . Eit aspekt ved overgangsfasen er, som nemnt, at dei som er her står utanfor det ordna samfunnet, noko som gjer at dei blir vanskelege å definere (Levine, 1992). Generelt sett er det å stå på utsida ingen verdsett posisjon, og forskingsdeltakarane sitt ønskje om ein kortvarig overgangsprosess kan sjåast som eit ønskje om å kome seg ut av denne posisjonen. Det kan også sjåast som eit svar på forventningane som ligg i samfunnet – ved å kome raskt ut i jobb prøvar dei å unngå å bli sett på som late og kravstore, i staden kan dei yte eit bidrag til det norske samfunnet. For både Munir, Nadja og Amaud ser det ut som at ein del av deira tilpassingsprosess handlar om å ta ein jobb, sjølv om denne ikkje står i forhold til deira utdanning. Jobben dei har blir sett på som viktig, dette fordi den fører til at dei ikkje er avhengig av støtte frå staten for å kunne overleve. Amaud uttalte også at han ikkje ville kjenne seg overflødig i samfunnet, han vil ikkje vere ein ”tung gjest”, men har eit ønskje om å bidra – dette ønsket kom også til uttrykk i samtalanene med Nadja og Munir. Sjølv om dei sit med mykje uutnytta kompetanse som dei ønskjer å ta i bruk og vil bidra med, så kan den jobben dei har sjåast på som eit bidrag til samfunnet – med denne jobben unngår dei å vere ”overflødige” og unyttige.

På bakgrunn av denne gjennomgangen, kan det sjå ut som det er det sårbare ved overgangsfasen som er framtrédande i forskingsdeltakarane sine opplevingar. Samtidig som dette er ein sårbar fase, er overgangsfasen ei periode i livet som kan gi styrke til kreativitet, transformasjon og vekst (Turner, 1970/1996). Det handlar om altså om å takle det usikre og omforme det til noko nytt. Kjem dette til uttrykk hos forskingsdeltakarane?

Nadja svarar på usikkerheita ved hennar jobbsituasjon med å vere open for å jobbe innanfor andre område enn det ho gjorde i heimlandet, og ho er også innstilt på å ta meir utdanning og eventuelt då utdanning innanfor eit anna felt. Ho har også meldt seg på studium i fleirkulturell pedagogikk for å kunne praktisere det norske språket og for å få innsikt i det som skjer i samfunnet. Også Amaud har tatt opp skulebøkene og byrja å lese dei på nytt, og i tillegg fortel han at han heile tida jobbar for å forbetre norsken sin. Ved å utvikle norsken, få innsikt i samfunnet og oppdatere sin kunnskap, handlar Nadja og Amaud på ein måte som gjer at dei kanskje stiller sterkare i den norske arbeidsmarknaden. Det ser dermed ut til at dei sjølv tar på

seg ansvaret for å kome seg framover i sitt liv (Ivey, D'Andrea, Ivey & Simek-Morgan, 2007).

Levine (1992) peikar på at dei som er i ein "outsider"-posisjon er fri frå eksisterande merkelappar og kan dermed skape seg sjølv på nytt. Å vere i ein overgang vil altså seie at ein er i ein posisjon der ein har mulegheit til å reflektere over sine roller og utforme desse på nytt. Eit av aspekta som Munir peikte på som meiningsfullt med det å vere arkitekt, var at han gjennom jobben hjelpte andre. Her i Noreg jobbar han ikkje som arkitekt, men gjennom mellom anna ved å jobbe for å skape forståing mellom minoritetsfamiliar og norske institusjonar har han funne andre måtar å hjelpe andre på. Det kan altså sjå ut som at Munir har utforma si rolle på nytt, dette gjennom å plukke ut aspekt han såg på som viktige ved arkitektjobben og leve desse ut på andre måtar. Samtidig har han funne ut måtar å vere i kontakt med arkitektyrket på, han tek arkitektoppdrag frå bekjente i heimlandet og har dessutan registrert seg på eit universitet for å lese meir.

Til tross for dei vanskelege kjenslene og den usikkerheita overgangsfasen fører med seg, tyder forskingsdeltakarane sine handlingar på at dei har eit fokus på å kome seg framover i livet. Dei jobbar med å utvikle språket, lære kulturen å kjenne, les fag og utformer sine roller på nytt – og det kan på denne måten sjå ut som at dei til ein viss grad utnyttar det potensialet som ligg i overgangsfasen. Eg oppfattar det slik at det ligg energi bak deira handlingar, og eg meiner det kan tolkast som eit teikn på at dei framleis vil engasjere seg aktivt i livet for si eiga sak.

Å vere person er å vere i relasjon med andre

Opplevinga av å ha ein meiningsfull jobb i heimlandet, overgangen til å kome til Noreg og tilpassingsprosessen til det norske samfunnet står for ulike aspekt ved forskingsdeltakarane si oppleving av sin situasjon. Felles for desse opplevingane er at forskingsdeltakarane heile tida er i samhandling med det samfunnet dei er ein del av – enten dette er heimlandet og menneska der, eller det er Noreg og dei nye bekjentskapane her. Kvalsund (1998) og Macmurray (1961/1999) meiner at det å vere person nettopp vil seie at ein alltid er i relasjon til menneska rundt seg og samfunnet ein tilhøyrer – individet eksisterar ikkje i eit sosialt vakuum uavhengig av konteksten rundt seg. Dei meiner vidare at ein kan forstå relasjonsomgrepet i lys av tre paradigme – "avhengigheit", "uavhengigheit" og "gjensidig avhengigheit" – som representerar ulike måtar å forholde seg til andre og samfunnet på. Kvalsund og Macmurray

sine teoretiske perspektiv kastar eit interessant lys over forskingsdeltakarane sine opplevingar. Kva er det som er i framgrunnen i deira relasjon til samfunnet?

I forhold til heimlandet opplevde forskingsdeltakarane at dei hadde ein meningsfull jobb der – kan det tenkast at dei gjennom denne jobben også opplevde å vere i ein gjensidig avhengig relasjon til samfunnet? Gjensidig avhengigheit er den siste fasen i utviklinga av person i relasjon, og denne er basert på ei erkjenning av at ein er avhengig av andre for å kunne utvikle seg og verkeleggjere sitt potensial (Kvalsund, 1998; Macmurray 1961/1999). Munir, Amaud og Nadja kom ikkje til Noreg på grunn av jobbsituasjon, og samtalanene eg hadde med dei kan tyde på at dei oppfatta det slik at heimlandet hadde behov for deira arbeidskraft. Dette kjem tydelegast til uttrykk hos Munir, som meinte at han gjennom sine arkitektprosjekt skapte arbeidsplassar og var med på å bygge sitt land. På same tid som samfunnet hadde bruk for deira arbeidskraft, var dei avhengig av det same samfunnet for å få og halde på jobben sin. I tillegg til at jobben betydde at dei fekk mulegheit til å utvikle seg sjølv, brukte dei ord som ”glede”, ”respekt” og ”tryggleik” når dei skulle beskrive kva den gav dei. Det ser altså ut til at forskingsdeltakarane inkluderte ”den andre”, i dette tilfelle samfunnet, for å nå sine mål. Kvalsund og Meyer (2005) peikar på at partane i ein gjensidig avhengig relasjon både gir og får, og relasjonen er dermed karakterisert av symmetri og likeverd. Samtidig som jobben var viktig for Munir, Amaud og Nadja på eit personleg plan, ser det ut til at dei oppfatta det slik at dei også fikk gitt noko tilbake til samfunnet – dei bidrog med verdiskaping i form av si arbeidskraft. Det å kunne vere til nytte for andre og bidra i samfunnet var også noko alle tre gav uttrykk for at var eit viktig aspekt ved jobben, noko som kan sjåast i samanheng med at innanfor gjensidig avhengigheitsparadigmet passerar individet sitt behov for individualitet. Fokuset ligg her nemleg på å utvikle kvarandre sitt potensial og ikkje berre tilfredsstillende eigne behov (Kvalsund & Meyer, 2005).

I ein kvar relasjon ligg det eit utviklingspotensial mot det gjensidige (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999), men er det i det heile tatt muleg å oppnå ei gjensidig avhengigheit til det makrosystemet som samfunnet representerar? Kva slags rolle spelar enkeltmennesket i eit større samfunnsperspektiv? Ovanfor viste eg til Munir som meinte han var med på å bygge sitt land, og på same måte kan ein tenke seg at til dømes Amaud bidrog til det samfunnet han var ein del av ved å skape ny og samfunnsnyttig kunnskap gjennom jobben på forskingssenteret. Ein kan altså tenke seg at kvart enkelt menneske har mulegheit til å bidra på eit mikronivå, og vil dermed kunne påverke samfunnet på *sin* måte. Å vere menneske vil seie

at ein er i stadig kontakt med andre, både menneske og samfunn. Den fellesskapen vi er ein del av, og den samhandlinga vi har med andre, vil påverke vår eksistens (Kvalsund og Meyer, 2005), på same måte vil vi som menneske også påverke "den andre" sin eksistens. Her går tankane mine til May (1990, s. 241) som spør seg: "But who makes up the culture except persons like you and me?". Enkeltindividet er altså med på å skape kulturen, men på same tid meiner han at kulturen er med på å skape enkeltindividet: "It takes culture to create self and self to create culture; they are the yin and yang of being human" (s. 241).

Sjølv om ein har byrja å erfare gjensidig avhengigheit, betyr ikkje dette at ein aldri vil kunne oppleve avhengigheit igjen. Å vere i ein avhengig relasjon inneber at ein er avhengig av "den andre" for å kunne handle, ein baserar sine handlingar på ei ytre referanseramme og gjer det ein trur blir forventa av ein (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999). Forskingsdeltakarane gjev uttrykk for at det å kome til Noreg var som å kome til eit heilt nytt system, der språk og kulturelle kodar var totalt annleis enn dei var vant med frå heimlandet. Då dei skulle starte på nytt i Noreg visste dei altså ikkje korleis dei skulle handle og oppføre seg, men ved å rette seg etter korleis andre handla og snakka hadde dei mulegheit til å bli kjent med normer og reglar for samfunnet. På same tid som det norske samfunnet opplevdes som framandt, var dei altså avhengige av dette samfunnet og menneska her for å kunne integrere seg. I tillegg bidrog Aetat/Nav ytterlegare til ein avhengig relasjon – gjennom ulike introduksjonsordningar tilbydde dei flyktingane økonomisk støtte, språk- og samfunnsopplæring og hjelp til å finne arbeidspraksis i den første perioden i Noreg.

Sidan det å bu i Noreg er ein situasjon dei har blitt tvinga inn i, kan ein tenke seg at den avhengige relasjonen blir opplevd som negativ. Ordet "avhengigheit" har mange negative konnotasjonar, men kanskje er dette akkurat dette ein person treng innafor ei gitt tidsramme? Avhengige relasjonar er positive i dei tilfella der det er fornuftig å krevje at nokon hjelper nokon andre (Kvalsund, 1998), og i den første tida i eit nytt land kan dette sjåast på som fornuftig. Nadja, Amaud og Munir beskreib alle ei kjensle av usikkerheit og ein ustabil situasjon, og ein avhengig relasjon til samfunnet kan vere nettopp det dei trong i byrjinga. Både Munir og Amaud gav under intervju direkte uttrykk for at dei syns NAV-ordninga (tidlegare Aetat) var bra, dei sette pris på å få hjelp då dei kom hit. Her fekk dei hjelp både i forhold til økonomi, arbeidspraksis og språk- og samfunnsopplæring, som alle er viktige element når ein skal starte på nytt i eit nytt land. Kvalsund og Meyer (2005) påpeikar imidlertid at dersom den avhengige relasjonen blir oppretthaldt sjølv om det ikkje lenger er

grunn til det, så vil relasjonen kunne gå over til å opplevast som negativ og bli eit hinder for utvikling. Etter kvart vil det som regel vokse fram eit behov for å overskride den avhengige relasjonen, og personen vil dermed søke mot ein meir uavhengig posisjon.

Å ha opplevd avhengigheit er ein føresetnad for å kunne oppleve uavhengigheit (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999), og for forskingsdeltakarane sitt vedkomande vil dette seie at det å ha blitt kjent med samfunnet og dei kulturelle kodane er ein føresetnad for å kunne oppleve ein uavhengig relasjon til det norske samfunnet. Den uavhengige relasjonen står i kontrast til den avhengige ved at individet her baserar sine handlingar ut frå ei indre referanseramme, det er altså eigne ønskjer og behov som er styrande (Kvalsund, 1998). Tilpassingsprosessen til det norske samfunnet kan sjåast som ein uavhengigheitsprosess der Nadja, Amaud og Munir byrjar å bryte med avhengigheita av "den andre". Til dømes har alle tre fått seg jobb her i Noreg, og sjølv om denne jobben ikkje står i samsvar med deira ønskjer og forventningar ser dei på den som sentral fordi den gjev dei nok inntekt til at dei kan leve av den. Det å vere sjølvstendig og ikkje avhengig av andre for å overleve opplever dei som viktig. I delkapitlet ovanfor peikte eg på at det ser ut til at forskingsdeltakarane tar ansvar for å kome seg framover i livet, ein del av prosessen mot uavhengigheit handlar altså om å ta meir kontroll over eige liv og handlingar. Å kome til Noreg beskriv dei nærmast som eit kulturelt sjokk, men etter kvart verkar det som at dette sjokket har lagt seg. Ved å utvikle språket, lese fag og skape forståing for samfunnet er dei aktive i sin eigen integrasjonsprosess. Ovanfor viste eg også til at møtet med det norske samfunnet inneber at dei rollene dei har spela i forhold til andre endrar seg. På bakgrunn av dette kan det sjå ut til at prosessen mot uavhengigheit også handlar om å utvikle sin identitet, deltakarane er i ein posisjon der dei kan reflektere over sine roller og utforme desse på nytt. Samtidig som forskingsdeltakarane opplever ein større grad av sjølvstende og uavhengigheit, uttrykker dei eit ønskje om å kunne bidra meir til det norske samfunnet gjennom den kompetansen og erfaringa dei innehar – eit ønskje som kan sjåast som eit håp om igjen å oppleve ein gjensidig relasjon til samfunnet.

Dei tre fasane i utviklinga av person i relasjon står i eit dynamisk forhold til kvarandre, og utviklingspotensialet til det gjensidige vil alltid vere til stades (Kvalsund, 1998; Macmurray, 1961/1999). Med dette ønskjer eg å seie at Munir, Amaud og Nadja sannsynlegvis vil ha livsopplevingar som endrar kvar dei står i forhold til relasjonsparadigma. Det eg har diskutert ovanfor er bunde til den tida eg utførte samtalanane med dei – kanskje har mykje endra seg allereie? Kanskje har Nadja fått godkjent utdanninga si? Kanskje har Munir fått ein

arkitektjobb? Eller kanskje har Amaud flytta frå Noreg? Som menneske må vi alltid forholde oss til samfunnet vi er ein del av, og hendingar i livet vil kunne endre denne relasjonen.

6. Avsluttande refleksjonar

I denne oppgåva har eg gjennomført eit kvalitativt studium av korleis høgt utdanna flyktningar opplever det å vere i ein jobb dei er overkvalifisert for. Eg har hatt eit ønskje om å få fram desse flyktningane si stemme, og ved å setje fokus på deira oppleving av sin situasjon håpar eg å bidra til setje i gong ein refleksjonsprosess rundt ei gruppe menneske mange møter til dagleg.

Eg har intervjuet tre flyktningar, og for mange vil kanskje desse personane stå fram som ”vellykka”. Dei er alle i jobb, alle har lært seg norsk og alle har begynt å integrere seg i samfunnet. Samtidig uttrykker flyktningane sjølve ei kjensle av å ikkje vere heilt integrert og av å vere ein ”tung gjest”, eller overflødig, i samfunnet, i det at dei ikkje får tatt i bruk den kompetansen dei har. Etter mine samtalar med dei sit eg igjen med eit inntrykk av ressurssterke menneske. Dei har kompetanse, erfaring og arbeidsevne, men ikkje minst uttrykker dei eit sterkt ønskje om å kunne bidra til det norske samfunnet med sin kunnskap. Det er mange flyktningar som i dag ikkje får mulegheit til å bruke den utdanninga dei har, og Noreg står ovanfor ei stor utfordring i forhold til å utføre tiltak som gjer at vi i større grad får utnytta denne kompetansen (Adresseavisen, 2008; Bang, 2009).

6.1 Implikasjonar for vidare forskning

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg erfart at det å ikkje få brukt sin kompetanse og erfaring i jobbsamanheng kan opplevast som trist og vondt. På same tid som at det kjennest vanskeleg for den enkelte, går samfunnet glipp av dei ressursane flyktningane har å tilby. For å kunne ta i bruk meir av denne uutnytta kompetansen, hadde det vore eit interessant prosjekt å gjennomføre ei utredning om kva slags tiltak som kan bli gjort. Korleis kan vi i større grad ta i bruk den kunnskapen som per i dag er ”tapt”?

Målet mitt for denne oppgåva var å gi eit heilskapleg bilete av flyktningane si oppleving av sin situasjon, men verkelegheita vil alltid vere meir kompleks enn det eg klarar å framstille. Under intervjuet kom det fram mykje interessant som eg, av ulike grunnar, valde å ikkje gå nærmare inn på. Til dømes kom veileiing gjennom Aetat/Nav opp som eit tema, og her trakk deltakarane fram både positive og negative aspekt. På den eine sida sette dei pris på hjelp i byrjinga, på den andre sida uttrykte nokon ei oppleving av at alle flyktningar blir sett på som

like. Eit spennande fokus for vidare forskning kunne derfor vore å undersøkt flyktningar sitt møte med norske veilleiarar, og vidare kva dei treng og ønskjer seg i veilleing.

Litteraturliste

- Adresseavisen (2008). – En fortvilet situasjon. *Adresseavisen*, 09.12 (s.13).
- Bang, N. (2009). Innvandrere og jobbtilbud. *Fædrelandsvennen*, 17.02 (del 2, s. 11).
- Berg, B. (1992). *Bakerst i køen? Om flyktningers deltakelse på arbeidsmarkedet*. Trondheim: SINTEF IFIM.
- Berg, B. & Lauritsen, K. (2009). *Eksil og livsløp*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bridges, W. (1980). *Transitions. Making Sense of Life's Changes*. Reading, Massachusetts: Addison-Wesley Publishing Company, Inc.
- Creswell, J.W. (2007). *Qualitative Inquiry & Research Design. Choosing Among Five Approaches. 2nd edition*. Thousand Oaks: Sage Publications, Inc.
- Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode – En kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- De Forente Nasjoners Flyktningkonvensjon (1951). New York, NY.
- Evensen, G. (2004). Kvinne fra Somalia. *Adresseavisen*, 25.09, (s. 19).
- Fog, J. (2004). *Med samtalen som utgangspunkt: det kvalitative forskningsinterview. 2. reviderede udgave*. København: Akademisk Forlag.
- Frankl, V.E. (1984). *Man's search for meaning*. New York: Washington Square Press.
- Hansen, L.S. (1997). *Integrative Life Planning. Critical Tasks for Career Development and Changing Life Patterns*. San Francisco: Jossey Bass publishers.
- Hollis, J. (2001). *Creating a Life: Finding Your Individual Path*. Toronto: Inner City Books.
- Hollis, J. (2003). *On This Journey We Call Our Life. Living the Questions*. Toronto: Inner City Books.
- Ivey, A.E., D'Andrea, M., Ivey, M.B. & Simek-Morgan, L. (2007). *Theories of Counseling and Psychotherapy. A Multicultural Perspective. Sixth edition*. Boston: Pearson Education, Inc.
- Kvale, S. (2001). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kvalsund, R. (1998). *A theory of the person*. Trondheim: NTNU.
- Kvalsund, R. (2006). *Oppmerksomhet og påvirkning i hjelperelasjoner. Viktige ferdigheter for coacher, rådgivere, veiledere og terapeuter*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Kvalsund, R. & Meyer, K. (2005). *Gruppeveiledning, læring og ressursutvikling*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Leider, R.J. (1997). *The Power of Purpose. Creating Meaning in Your Life and Work*. San Francisco: Berrett-Koehler Publishers, Inc.

- Levine, S.K. (1992). *Poiesis. The Language of Psychology and the Speech of the Soul*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Lincoln, Y.S. & Guba, E. G. (1985). *Naturalistic Inquiry*. Thousand Oaks: Sage Publications, Inc.
- Macmurray, J. (1961/1999). *Persons in relation*. New York: Humanity Books.
- Maslow, A.H. (1968). *Toward a Psychology of Being. Second edition*. New York: Van Nostrand Reinhold Company.
- May, R. (1990). The Problem of Evil: An Open Letter to Carl Rogers. I H. Kirschenbaum & Henderson (reds.). *Carl Rogers: Dialogues. Conversations with Martin Buber, Paul Tillich, B.F. Skinner, Gregory Bateson, Michael Polyani, Rollo May, and Others* (s. 239-251). London: Constable.
- Moustakas, C. (1994). *Phenomenological Research Methods*. Thousand Oaks: Sage Publications, Inc.
- Olsen, I.A. (2009). Plass til innvandrermenn. *Aftenposten morgen*, 03.10 (del 2, s. 3).
- Palmer, P. (2000). *Let Your Life Speak. Listening for the Voice of Vocation*. San Francisco: Jossey-Bass, Inc.
- Patton, M.Q. (2002). *Qualitative Research & Evaluation Methods. 3rd edition*. Thousand Oaks: Sage Publications, Inc.
- Postholm, M.B. (2005). *Kvalitativ metode. En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rogers, C.R. (1961). *On Becoming a Person. A Therapist's view of psychotherapy*. London: Constable.
- Strauss, A. & Corbin, J. (1998). *Basics of Qualitative Research. Techniques and Procedures for Developing Grounded Theory. 2nd edition*. Thousand Oaks: Sage Publications, Inc.
- Turner, V. (1970/1996). Betwixt and Between: The Liminal Period in Rites de Passage. I T.H. Eriksen (red.). *Sosialantropologiske grunntekster* (s. 509-523). Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- van Gennep, A. (1960). *The Rites of Passage. A Classic Study of Cultural celebrations*. London: Routledge & Kegan Paul Ltd.

Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide

Intervjuguide

Før vi startar intervjuet ønskjer eg å takke deg for at du er så vennleg å stille opp. Som nevnt i informasjonsbrevet er intervjuet frivilleg. Eg vil også understreke at det ikkje finns riktige eller gale svar på spørsmåla eg stiller – det er DI oppleving eg er interessert i. Det er derfor veldig viktig at du svarar så ærleg som muleg. Du kan snakke så lenge du vil på kvart spørsmål, og du kan også velge å ikkje svare på spørsmål som du ikkje føler deg komfortabel med.

Innleiande spørsmål

Bakgrunn

- Namn
- Alder
- Heimland
- Når kom du til Noreg?
- Utdanning
- Arbeidserfaring

Livsorientering

- Kva var ditt draumeyrke som barn?*
- Kvifor valde du å ta høgare utdanning?
 - Kva slags utdanning og yrke har dine foreldre?
 - Korleis er utdanningsmulegheitene i heimlandet ditt i forhold til Noreg?
- Kan du fortelje litt om kvifor du valde akkurat den utdanninga/jobben/karriera?
- Kan du fortelje meg litt om kva som betyr mykje for deg i livet ditt?
 - Arbeid/karriere, familie, fritid (anna).
- Kva betyr utdanning og jobb/karriere for deg?

Fortid

Arbeidssituasjon

- Kan du beskrive den jobben du hadde i heimlandet ditt?
- Kva betydde jobben for deg?
 - Treivst du? Mistreivst du? Kva var det som gjorde at du treivst/mistreivst?
 - Kor stor rolle spelte jobben i livet ditt?
 - Dersom du hadde blitt verande i heimlandet – trur du at du hadde jobba med det same no?
- Er det noko du saknar med jobben?
 - Ønskjer du å arbeide med det same igjen?
- Kva gjer det med deg at du måtte gi opp jobben din?

Sjølvpoffatning/Andre si oppfatning

- I forhold til utdanning og arbeid – korleis oppfatta/vurderte du din eigen situasjon i heimlandet? ←
 - Kva opplevde du som positivt?
 - Kva kunne vore betre?
- Korleis meiner du at familie, vennar og kollegaer vurderte deg med tanke på utdanning, yrke og andre personlege ressursar?
 - Korleis fekk dei deg til å føle deg? Kva gjorde denne følelsen med deg?

Notid

Overgangen

- Korleis var di første oppleving av Noreg?*
- Korleis har du opplevd overgangen til det å leve i eit norsk samfunn?
- Kva slags tilpassingsoppgåve syns du var den mest utfordrande?
- Kva slags forventningar hadde du til arbeid/karriere/utdanning før du kom hit?
 - I kva grad var du ”førebudd” på at du kunne hamne i ein arbeidssituasjon der du ikkje fekk ta i bruk di utdanning?
- Kan du beskrive kva du har gjort for å finne deg jobb i Noreg?
 - Har du søkt jobbar der du i større grad får brukt di utdanning?

Arbeidssituasjon

- Korleis fekk du jobben du har no?
 - Kva følte du då du fekk jobben?

- Dersom personen har hatt vanskeleg for å skaffe seg arbeid: Korleis føltes det å endeleg få seg jobb?
- Kan du beskrive ein vanleg arbeidsdag?
 - Kva slags arbeidsoppgåver har du?

Viktigheita av jobb

- Kva betyr jobben for deg?
 - Trivst du? Mistrivst du? Kva er det som gjer at du trivst/mistrivst?
 - Føler du at du er ein viktig del av arbeidslivet? (På heimstaden din)
- Kor stor rolle spelar jobben du har no i forhold til det du ser på som viktig i livet?
- Kva gjer det med deg at du ikkje får tatt i bruk utdanninga di gjennom jobben?

Sjølvpoppfatning

- Korleis vurderar du din eigen arbeidssituasjon i dag?*
- Korleis påverkar din arbeidssituasjon ditt syn på deg sjølv?
 - Er det periodar då du har tenkt/følt det annleis?
 - Kven snakkar du om dette med?
- Kven samanliknar du deg med når det gjeld å vere fornøgd med jobben?*
- Har forventningar om (lønn og) karriere endra seg med tida du har budd i Noreg?
 - Korleis har stifting av familie/familiegjenforeining/nye nettverk påverka dette?

Andre si oppfatning

- Kva betyr familie for deg?
- Korleis påverkar din situasjon relasjonen til dine nærmaste?
- Korleis forholder foreldre/partner/barn/vennar seg til din livssituasjon?
 - Er det at du ikkje får brukt di utdanning eit sentralt tema?
 - Handterar dei situasjonen slik du vil? Kva ønskjer du? Er fokuset uønska?
 - Behandlar dei deg annleis enn før? Korleis?
 - Korleis får dette deg til å føle deg? / Kva gjer dette med deg?
- Korleis trur du dei opplever deg som person no i forhold til før?
 - Kva gjer denne situasjonen med deg?

Fritid

- Kva gjer du på fritida?

- Kven er du saman med?
- Kva gjer de?
- Gjer du andre ting i fritida her i Noreg enn i heimlandet?
 - Kva hobbyar og vanar hadde du før?
 - Har du fått nokon nye interesser/hobbyar?
- Er det noko du saknar ved den livsstilen du hadde før?
- Kva betyr fritida di for deg?
 - Her i Noreg.

Framtid

Familien si framtid

- Korleis ser du på dine barn si framtid?
 - Kva rolle spelar utdanning?
 - Opplever du at dine barn har andre forventningar til framtida enn det du har?
- Opplever du utfordringar i forhold til oppdragelse av barn i Noreg?

Eiga framtid

- Kva ønskjer du å gjere i framtida?
- Kva trur du at du gjer i framtida?
 - Ønskjer du å vidareutvikle din kompetanse? Ta meir utdanning? Korleis?
 - Ønskjer du å fortsetje å bu i Noreg?

Avslutning

- Er det noko meir du ønskjer å tilføye før vi avsluttar?
- Tusen takk for at du ville snakke med meg – du har vore til stor hjelp!

Vedlegg 2: Informasjonsskriv angående datainnsamling

Informasjonsskriv angående datainnsamling til masteroppgåve

Mitt namn er Iselin Egge, og eg er masterstudent i pedagogikk med fordjuping i rådgjeving. Eg skal no skrive mi avsluttande mastergradsoppgåve som skal leverast våren 2010, og i den forbindelse treng eg dykkar hjelp til å finne informantar. Temaet for prosjektet mitt er høgt utdanna flyktningar som er i jobb som dei er overkvalifiserte for. Problemstillinga er: ”Korleis opplever høgt utdanna flyktningar som hadde ei karriere basert på høg utdanning i heimlandet det å vere i ein jobb som ikkje er i samsvar med sine ønskjer og forventningar?”.

Eg vil nytte meg av kvalitativ metode, og her ønskjer eg å bruke intervju som innsamlingsmetode. Eg ønskjer å intervju 3 flyktningar. Samtalen vil dreie seg om deira opplevingar og erfaringar rundt utdanning og arbeidssituasjon, både i heimlandet og her i Noreg. Fokuset mitt er på høgt utdanna flyktningar som opplever å vere i jobb som ikkje samsvarar med sin kompetanse, og eg ønskjer derfor å snakke med personar som har høg utdanning og helst arbeidserfaring frå heimlandet. Det er også ønskjeleg at dei snakkar norsk, at dei har vore i Noreg over ei lenger periode og at dei ikkje får brukt si utdanning i jobben dei har no.

Samtalen vil vare ca. 1 time, og for å kunne vere mest muleg tilstades i samtalen vil eg ta opp intervjuet på lydband. Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt, og deltakarane vil bli anonymisert. Deltaking er sjølvsaugt frivillig, og deltakarane har mulegheit til å trekke seg når som helst under samarbeidet utan nærmare begrunning. Når prosjektet er avslutta, vil alle lydopptak bli sletta. Deltakarane vil også få mulegheit til å lese gjennom og godkjenne utkastet til analyse og utsegn eg nyttar meg av.

Prosjektet er godkjent av Pedagogisk institutt ved NTNU, og min veilleiar er førsteamanuensis Eleanor Allgood. Om kort tid vil prosjektet bli meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskaplige datatjeneste AS.

Dersom det er noko meir de lurer på, så kontakt meg gjerne på telefon xxxxxxxx, eller e-post: xx@xx.no.

Med vennleg helsing, Iselin Egge

Vedlegg 3: Informasjonsbrev til forskingsdeltakarane

Informasjon i forbindelse med deltakelse i mastergradsoppgave

Jeg viser til henvendelse fra din kontaktperson ved Nav Intro. Jeg vil her komme med litt informasjon i forbindelse med intervjuet:

Mitt navn er Iselin Egge, og jeg er masterstudent i pedagogikk med fordypning i rådgivning. Jeg skal nå skrive min avsluttende mastergradsoppgave som skal leveres våren/sommeren 2010. Temaet for prosjektet mitt er høyt utdannede flyktninger som er i jobb som de er overkvalifisert for. Problemstillingen for oppgaven min er: ”Hvordan opplever høyt utdannede flyktninger som hadde en karriere basert på høy utdanning i hjemlandet det å være i en jobb som ikke er i samsvar med sine ønsker og forventninger?”. Hensikten med studiet er å få tak i dine opplevinger og erfaringer rundt utdanning og arbeidssituasjon, både i hjemlandet ditt og her i Norge. Dine opplevinger kan være verdifulle for rådgivere og andre som jobber med flyktninger og andre minoritetsgrupper.

Samtalen vil vare ca. 1 time, og for å kunne være mest mulig til stede i samtalen vil jeg ta opp samtalen på lydbånd. Opptakene vil bli oppbevart på en sikker plass, og vil bli slettet umiddelbart etter at prosjektet er over. Dersom du trekker deg fra studien vil lydopptakene bli slettet og alle opplysninger anonymisert. Som forsker har jeg taushetsplikt, og all informasjon vil bli behandlet konfidensielt. Du vil bli anonymisert ved at verken navn, alder eller arbeidsplass vil komme fram i oppgaven. Intervjuutskriftene vil bli anonymisert senest når prosjektet er slutført. Hvis du ønsker det, kan du få lese gjennom og godkjenne utsagn som jeg benytter meg av og utkast til analyse. Deltakelse er frivillig, og du kan når som helst trekke deg fra samarbeidet uten videre begrunnelse. Jeg håper selvsagt du blir med hele veien.

Prosjektet er godkjent av Pedagogisk institutt ved NTNU, og min veileder er førsteamanuensis Eleanor Allgood. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD).

Dersom du fortsatt ønsker å stille opp kan du kontakte meg på telefon xxxxxxxx, eller på e-post: xx@xx.no, slik at vi kan avtale nærmere tid og sted for intervju.

Vedlagt finner du en samtykkeerklæring. Det er fint om du kan signere denne før vi gjennomfører intervjuet.

Med vennlig hilsen,

Iselin Egge

Vedlegg 4: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Jeg har fått informasjon om studiet av høyt utdannede flyktninger sin opplevelse av å være i en jobb de er overkvalifisert for, og ønsker å stille til intervju. Jeg er inneforstått med at deltagelse er frivillig, og at jeg når som helst kan trekke meg fra samarbeidet uten videre begrunnelse.

Dato:.....Signatur:.....

Vedlegg 5: Godkjenning frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Eleanor Allgood
Pedagogisk institutt
NTNU
Dragvoll
7491 TRONDHEIM

Vår dato: 05.02.2010

Vår ref: 23516 / 2 / GRH

Deres dato:

Deres ref:

KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 22.01.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

23516	<i>Høgt utdanna flyktningar som er i jobb som ikkje samsvarar med sine ønskejer og forventningar</i>
Behandlingsansvarlig	<i>NTNU, ved institusjonens overste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Eleanor Allgood</i>
Student	<i>Iselin Egge</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, vedlagte prosjektvurdering - kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.07.2010, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Bjørn Henriksen

Kontaktperson: Grethe Halvorsen tlf: 55 58 25 83

Vedlegg: Prosjektvurdering

Grethe Halvorsen

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo, Tel: +47-22 85 52 11, nsd@uio.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim, Tel: +47-73 59 19 07, kyrtesvarva@svi.ntnu.no
TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø, Tel: +47-77 64 43 36, nsdmas@svi.uio.no



Utvalget består av 3-4 høyt utdannede flyktninger, i alderen 18 år eller eldre. Utvalget informeres skriftlig om prosjektet og samtykker skriftlig til deltakelse, jf. informasjonsskriv mottatt 21.01.2010.

Vi forutsetter at informasjonsskrivet til informantene endres på følgende punkt:

- Tilføyes en setning om at intervjuutskriftene blir anonymisert senest når prosjektet er sluttført.
- Tilføyes en setning om at dersom du trekker deg, vil lydbåndene bli slettet og evt. personopplysninger anonymisert.
- Tilføyes informasjon om hvordan de tar kontakt dersom de ønsker å delta i intervju.

Vi ber om å få tilsendt revidert informasjonsskriv.

Vi forutsetter at det er personer som naturlig har tilgang til potensielle informanter som tar kontakt med disse ved å formidle den skriftlige forespørselen fra studenten, og at studenten derfor ikke får utlevert navn på potensielle informanter før disse har samtykket til dette til kontaktperson eller selv tatt direkte kontakt med studenten.

Opplysningene samles inn gjennom individuelle intervju.

Lydbånd og samtykkeerklæringer slettes og intervjuutskriftene anonymiseres ved prosjektslutt, 31.07.2010. Vi minner om at anonyme opplysninger er opplysninger som det ikke er mulig å direkte (via navn eller fødselsnummer eller referanse til slike opplysninger, f.eks. via et løpenummer som viser til navn på en navneliste) eller indirekte (via sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. navn kommune og/eller arbeidssted, sammen med opplysninger om alder, kjønn og hjemland eller stilling etc. eller referanse til slike opplysninger) føre tilbake til enkeltpersoner.